

Mannen diktar

Av Olav H. Hauge

Underleg er mannen!
Set han på eit skarv
uti havet,
og han lagar det um
til ein hage,
steng han inne,
og han gjer fengselet
til eit slott,
eller stemnar galehuset
inn i stjernehimlen
nott etter notte.

Set han på ein einsleg klode
i rømdi,
og han folkar
himlen med gudar,
bergi med troll, –
diktar dverg i stein,
alvar i skog,
draug i hav,
grein i foss,
– vêrvette, vindvette,
nattalv og nykk.

Og mannen diktar
til han trur det sjølv.
Og då han synest det er stusleg å døy,
veit han råd for det med:
Han diktar seg liv
etter døden,
rike og sæleheimar
Paradis, Åsgard,
Hades og Hel.

Etterlate dikt, fyrste gong publisert i
Samtiden 2/2004. Her prenta etter *Mitt
liv var draum. Ein biografi om Olav H.
Hauge* (2004) av Knut Olav Åmås, s.
137. Der gjeng det fram at diktet vart
skrive i 1947.

I dette nummeret:

Jonny Halberg:	Um Hvervens hjarta, røter og rot	s. 2
Klaus Johan Myrvoll:	Ei retning på nynorsknormeringi?	s. 3
Tore Lund:	Bed kristne og muslimar til same Gud?	s. 4
Lars Bjarne Marøy:	Brenn boki di sjølv, Fløgstad!	s. 5
Karsten Alnæs:	Tankekornd frå sidelina	s. 7
K. E. Steffens:	Darwin hadde større innverknad enn Einstein	s. 11
Tore Lund:	Berre ei halv pilegrimsreisa	s. 12
Anders Moe:	Ein diger, kvit elefant av ei bok	s. 13
Olav Torheim:	Einfelt, men innsiktsfullt um Israel	s. 14
Jostein Krokvik:	<i>Me</i> – eit sernorskt ord	s. 16

Um Hvervens hjarta, røter og rot

Av Jonny Halberg

I Klassekampen 22. januar vert eg dregen inn i ein debatt som med innlegget åt Tom Egil Hverven utartar frå å gjelda språkrøter, og ordskiftet millom Hans Fredrik Dahl og Kjartan Fløgstad, til òg å handla um samtidslitteraturen, som eg er ein del av. Um ein skal tru Hverven, er eg òg ein del av ein nykonservativ tendens i ung, norsk skjønnlitteratur. Upp av hatten dreg han den siste romanen min, *Gå til fjellet*, som eit døme på tendensen, og byrjar å telja lovlege og ulovlege endingar og språkformer. Han kritiserer meg for inkonsekvent språkbruk, undrar seg yver at eg som er oppvaksen på Jørstadmoen brukar former som *bjerk* og *øksen*, og konkluderer med at eg med dreingingi mot ein meir konservativ språkbruk er på utrygg stilistisk grunn.

Det stemmer. Eg er alltid på utrygg stilistisk grunn. Det er ein del av yrket og kvardagen min å kjempa med den utryggeleiken. Det er ein utryggeleik som heilt klårt handlar um at eg hadde ein språkleg oppvokster som var polymorf (mangslungen), med målføre frå heile landet rundt meg, sidan eg budde i og ved eit militærlæger. Denne utryggeleiken er òg ei drivkraft i det språklege tilfanget i både *Trass* og *Flommen*, dei tvo fyrste romanane mine. Det Tom Egil Hverven trør feil med, er at han legg til meg eit «opphavspråk», som han kallar det i innlegget. I både *Trass* og *Flommen* ser han det representert gjennom eit utval radikale bokmålsformer.

Hverven skyt seg òg under ei språkleg forvirring, med ætteband til Øyerdalen og oppvokster i Bærum. No er ikkje dette nokor tevling i oppløysing av identitet og språk, men tilfellet er at eg ikkje i nokon av dei tvo fyrste romanane mine skriv eit språk som fell saman med den lokale bakgrunnen min. Dei er samansette av bokmålsvariantar som eg hev konstruert. Utgangspunktet mitt for å skriva prosa var nett å koma burt frå den lokale, dialektale og nasjonale litteraturen som vart skriven i Mjøs-området og vidare oppetter mot Gudbrandsdalen. Det er ikkje målformene åt Hans Aanrud, Alf Prøysen eller Bjørnstjerne Bjørnson som er mi litterære ætt, jamvel um geografien er den same. Vitsen med å skriva, meiner eg, er ikkje å representera saker, anten dei handlar um språk, kyn eller sosiale spursmål, men å skapa ei forteljarverd

som kann kjennast att utanfor tvo permar, og som ikkje kunde ha funnest nokon annan stad.

Både i *Trass*, *Flommen* og *En uskyldig tid* hev eg leika meg med tydingar, ordsamansetjingar og klanger; relativt uskuldige leikar, men tilskot som gjev valørar til romanen. So vidt eg minnest, høyrer ingi av desse ordi eller idiomi, som hev ein munnleg dâm, til noko målføre, heller ikkje variantar frå Sud-Gudbrandsdalen eller Mjøs-området. Grunnen er at romanen er ei skriftleg form, som ikkje byrjar med snavli, jamvel um Homer vil ha oss til å tru noko anna.

Eg skal ikkje bruka meir plass her til å halda ein apologi for den siste romanen min. Han hev, som dei norske tale- og skriftmåli av i dag, ein bastardiøs natur, og kjenner seg urein. Trøysti er at han ikkje er den fyrste som hev kjent det slik, og at det faktisk er noko ein roman kann leva med, som Kjartan Fløgstad hev vist i forfattarskapen sin. Skilnadene på Fløgstad og meg er mange; ein er avgrunnskilnaden på «uren» og «urein».

Um Fløgstad vil taka i noko som er ureint, veit eg ikkje, men Hverven vil ikkje. Eg vil det. For meg er ureint ein del av tilfanget som enno finst i det norske språket. Eg kjem til å bruka ureint både her og der vidare i forfattarskapen min, utan at eg vil stå i nokor samvitsgjeld til krigssoga åt Riksmålsforbundet eller Noregs Mållag av den grunn. Det er, som Tom Egil Hverven burde vita, skilnad på bruk av konservative former i ein roman, og det romanen representerer. Einfelt sagt: Ein roman som er skriven i eit konservativt språk, kann vera anarkistisk i botnen.

Dette fell saman med det underlege påstandet Hverven kjem med um at eg som er jørstadmoværing (eller fåberging) ikkje burde bruka ureine former som *bjerken* eller *øksen*. Attum denne utsegn ligg eit syn som like godt slettar ut det meste av forfattargjeringi. Ein skal halda seg til opphavet og til det ein kann, trakka den grøne språkdalen frå barndomen, upp og ned. Men nei, likevel ikkje, skriv Hverven: framstillingi Helene Uri hev gjeve av riksmålet som eit opphavsspråk, er ikkje mogeleg, med di Hverven og andre nordmenn hev vakse upp og vorte forma i ein multidialektal

røyndom. Det reine hjartesperåket finst ikkje; nett av di ein er i stand til å reflektera yver morsmålet, er språk eit val. Javel. Det høyrest kjent ut. Men kva skal ein fyr frå Jørstadmoen gjera, då? Han er, etter resonnementet åt Hverven, dømd til å stå utanfor alt, lik ein becketttsk figur må han venta fåfengt på at ei einaste gyldig språkform skal koma drivande, rein eller urein.

So, kjem du frå Bærum, er du berm, og det du segjer og hevdar, gjeld ikkje, av di du talar og skriv som ein frå Bærum. Kjem du frå Ulsteinvik, derimot, hev du sjæl og lått og eit målføre som borgar for autensitet. Det menneski frå Bærum kann gjera for å verta mindre inautentiske, er å velja burt sitt eige språk. Det er innhaldet i utleggjingi åt Hverven um det nynorske kontra riksmålet. So fylgjer nokre åtgåingar um den vanskelege stoda for nynorsken i norsk ålmenta (som eg styd), fyrr kvalitetstryggjingi held fram, med eit påstand som er vanskelegt å etterprøva, det er at nynorsk er eit «meir presist språk, om ein til dømes vil undersøke eksistensielle grunnspørsmål, slik han [Gunnar Skirbekk] gjorde i boka *Nihilisme?* frå 1958». Derfrå og ut er det full spiker på tiljubling av nynorskskrivande landsmenn og -kvinnor.

Det som durar og gjeng her, er trangviksk dogmatisme, og like ille: at Hverven tuftar argumenti sine på tautologiar og kjenslor. Nynorsk er godt av di nynorsk er godt. Det er synsing på eit nivå som eg ikkje er so viss på at tener nynorsksaki. Kor som er: Kor ideologisk er ein i det jamstelte 2005 um ein skriv riksmålsformer inn i ein roman? Eg gjer det meir enn gjerne, og tek sjansen på å verta svartelista av ein nyfrelst Tom Egil Hverven. Eg vil kor som er ikkje vera dårlegere stelt enn forfatteren Pål Nordheim. Trass i oppvoksteren frå Mo i Rana lét Nordheim forteljaren i dagboksromanen *Gottfried von Baaders dagbok* vera ein oslobuar med austerrisk opphav, som fylgjer riksmålsnormi frå tidi fyrr unionsoppløysingi. Då talar me um ein som, på det mest hjartelause, hev rive upp språkrøtene sine.

Dette innlegget stod opphavleg på prent i Klassekampen 28. januar, og er umsett og prenta her med løyve frå forfatteren.

Ei retning på nynorsknormeringi?

Av Klaus Johan Myrvoll

I 1997 byrja Norsk språkråd eit arbeid med å rydja upp i rettskrivingane for bokmål og nynorsk. Dette arbeidet vart ført fram til vedtak på rådsmøtet i 2000, og framlegg til nye rettskrivingar vart sende Kulturdepartementet. I brev av 5. desember 2000 slutta departementet seg til dei retningslinone som bokmålsdeildi i Språkrådet hadde lagt til grunn for arbeidet sitt, som var at normhierarkiet med hovud- og sideformer skulde avskipast. Nynorskdeildi hadde derimot ikkje vurdert ei slik løysing. Departementet vilde difor ikkje godkjenna rettskrivingsframleggi i denne umgangen, men sende saki attende til Språkrådet.

I brevet sitt gjorde departementet det rimeleg klårt at dei ynskte ei tilsvarende løysing i nynorsk som den som var vald for bokmål. Både konkurransesituasjonen med bokmål og praktiske og pedagogiske omsyn tala for det. Like vel, etter eit stort utgreidingsarbeid og mykje dryfting fram og attende, valde nynorskdeildi på rådsmøtet i 2003 å ganga inn for å halda fast ved den tvikløyvde normi. Noko av bakgrunnen for vedtaket var at mange høyringsinstansar, m.a. Noregs Mållag, hadde uttala seg i den leidi. Viktugast var nok like vel at nynorskdeildi ikkje kunde verta samd um koss ei eventuell rettskriving utan normhierarki skulde sjå ut. Samnorskvenene vilde ikkje at gamle tilnæringsformer som *hjerter*, *gjøre* og *noen* skulde rjuka ut or rettskrivingi, medan dei som lagde vekt på at nynorsken treng stabilitet og større einskap, ikkje vilde at denne typen former skulde kunna koma inn i lærebøkene.

Kompromisset millom dei tvo synsmåtane vart med andre ord å halda på normhierarkiet, og nynorskdeildi heldt uppe vedtaket frå 2000. Der hadde dei gjort framlegg um at ei rad tradisjonelle former som i dag er jamstelte lærebokformer, vert nedstøytte til sideformer. Døme på det er bøygingi *auga* – *augo*, adjektiv på *-ut* (*steinut*) og notidsformer som *bed* og *byd* (for ei nærare utgreiding, sjå Målmannen nr. 1/2003, s. 8).

No hev departementet sett ned foten endå ein gong. I eit brev dagsett 16. februar i år avviser Kultur- og kyrkje-departementet dei innsende brigdi i nynorskrettskrivingi, samstundes som dei godtek dei framlagde brigdi i bokmålet. Departementet meiner at prosessen som hev ført fram til framlegget til ny

rettskriving for nynorsk hev vore «lite avklarande», og dei viser til at det undervegs hev kome fram «svært motstridande synspunkt». Det er berrsynt at departementet ikkje er nøgd med slutningi nynorskdeildi hev drege når det gjeld normhierarkiet: «Departementet si vurdering er at nynorskrettskrivinga truleg ikkje har funne ei stabil form med det som no er vedteke, og at spørsmålet om å fjerna normhierarkiet også i nynorsk neppe har tapt sin aktualitet.» Departementet sluttar at det i stoda no «ikkje er tilrådeleg å skipla den stabiliteten som gjeldande rettskriving trass [i] alt representerer», og legg til at ein ikkje bør gjera brigde i nynorskrettskrivingi fyrr ein er rimeleg viss på at utfallet kann verta standande i lang tid frametter.

Departementet ynskjer altso stabilitet og lik normstruktur med bokmålet. Det hev ikkje nynorskdeildi greidt å laga åt deim. Det er kann henda ikkje so rart når me veit kor samansett og mangslungi nynorskdeildi hev vore når det gjeld syn på nynorsk; både samnorskarar, talemålsvenner i ulike avskyggjingar, usus-pragmatikarar og meir tradisjonsorienterte målfolk hev havt sæte der. Det hev ført til at skiftande argumentasjon hev vore utslagsgjevande frå sak til sak.

Det som hev vanta heilt i den «upprydjingi» i nynorsk rettskriving som hev stade på dei seinaste åri, er ei klår *retning* på arbeidet. Ein hev ikkje funne ut kvar ein vil av med nynorsken fyrst, fyre ein hev byrja å dryfta einskildformer. Saki um normhierarkiet syner kann henda betre enn noko anna at nynorskdeildi ikkje hev makta å tenkja prinsipielt: Som departementet peikar på i brevet sitt, var det i utgangspunktet fleirtal for å taka burt skilet millom hovud- og sideformer, men når det so kom til spursmålet um koss dette skulde gjennomførast, kunde dei ikkje semjast um kva dei skulde gjera med dei mange sideformene.

Lat det vera sagt at departementet gjer rett i å insistera på at skilet millom hovud- og sideformer må kunna takast burt. Det er i grunnen berre ei naturleg fylgja av at samnorskpolitikken er avskipa. Då samnorsk var offisielt uttala ideologi, hadde normhierarkiet ein funksjon. I dag ter det seg mest som ein etterlevning frå fyrrtidi.

Samstundes tvingar ei oppheving av normhierarkiet fram ei einsretting i nynorsken som heilskap. Um ein ikkje

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 49 Blindern
0313 Oslo

Bladstyarar:

Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9 – 312
0850 Oslo
klausjon@online.no

Tingar- og lysingsandsvarleg:

Olav Torheim
olaveth@start.no

Netstad:

maalmannen.sambandet.no

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

skal missa det litle ein hev av ein nynorsk normal, kann ikkje alle tilnæringsformene som i dag er trygt plasserte i klomber i nynorske ordlistor og ordbøker, få sleppa til i lærebøkene. Desse formene er i alle tilfelle eit trugsmål mot serhåttan i nynorsken, og etter kvart som talemålet i Noreg vert meir og meir bokmålisert, og ein utbreidd ideologi er at ein skal skriva «talemålsnært», vert former som *bare*, *nå*, *kjøre* og *tenke* berre meir vanlege i nynorsk skrift. Utfallet vert eit dåmlaust og uinteressant mål.

No når Språkrådet vert umskipa, byd det seg eit høve til endeleg å få ei retning på nynorsknormeringi. Ein lyt avgjera um nynorsken skal normerast på grunnlag av ein 150 år lang skrifttradisjon, elder um han skal fylgja med talemålet endå meir i bokmålsleid. Dersom ein vil at nynorsken skal hava ei framtid som livskraftigt og sjølvstendigt mål, burde valet vera einfelt.

*Hugsa bladpengane!
Målmannen treng studnad*

Bed kristne og muslimar til same Gud?

Av Tore Lund

For eit par år sidan var kona mi og eg ein tur til Malta. Meir enn 97 prosent av innbyggjarane der høyrer til den romersk-katolske kyrkja, og religionen spelar ei dominerande rolla i denne litle staten. På tvo øyar som er på lag like store som Osterøy og Askøy, finst i alt 365 kyrkjer, ei for kvar dag i året. Og dei er stappfulle, ikkje berre ved messa um sundagen, men òg ved ei rad andre kyrkjelege hendingar.

Då eg tok meg ein tur i kyrkja, oppdaga eg at kyrkjelyden bad til Allah, Jesu Kristi far! Eg høyrde tydeleg at namnet vart nemnt under gudstenesta, og eg kunde lesa det i dei prenta tekstene òg.

Forklaringi er i grunnen einfeldd: Målet på Malta er eit arabisk målføre, og på det målet heiter Gud *Allah*. Maltesisk er elles det einaste arabiske målet som vert skriva med latinske bokstavar. Difor kann me som er turistar lesa og skilja ut ordet i bønnebøker og salmebøker.

Dette er meint som ein innleidande kommentar til ordskiftet med Aril Edvardsen: Bed dei kristne og muslimane til same Gud?

Eit språkleg-historisk spursmål

Her er det ein del ugreda. Grunnen er at debattantane ofte blandar saman tvo ulike ting, nemleg eit språkleg-historisk spursmål og eit teologisk spursmål. Til dømes skriv Hans-Jacob Frøen (Dagen 2.11.04) at han er vorten fortald av fagfolk «at muslimene har fått ordre om å oversette vårt ord Gud med deres ord Allah. Så enkelt er det altså.» Di verre, so einfelt er det ikkje! I eit ordskifte eg hadde med Frøen for tvo år sidan i Dagen, kom han med same påstandet, nemleg at «da Bibelen ble oversatt til arabisk år 706 e.Kr., måtte oversetterne etter påbud fra muslimene oversette ordet Gud med det arabiske ordet Allah». Som kjelda gav han upp ein kristen arabisk ven. Dersom det er denne venen som er «fagfolk», so verkar ikkje kunnskapane til vedkomande å vera serleg overtydande!

For det fyrste: Fleire hundradår fyre Muhammed vart fødd, nytta arabisktalande jødar og kristne ordet *Allah* um Gud i Bibelen. Rett og slett fordi *Gud* (med stor G) heiter *Allah* på arabisk. Akkurat som han heiter *God* på engelsk eller *Dieu* på fransk. For det andre stemmer det ikkje at Bibelen vart umsett til

arabisk i år 706 e.Kr. Alt på 400-talet e.Kr. vart dei fem mosebøkene umsette til arabisk, og likeins vart salmane og luter av profetskriftene umsette i dei hundradåri som fylgde etter. Og det var sjølvsagt ingen som tvinga umsetjarane til å bruka det arabiske ordet *Allah* um Gud i Bibelen.

Tilsvarande kann me slå fast at ordet *gud* opphavleg ikkje er noko kriste umgrip. Tvert um er det eit gamalt heidensk ord. Både Odin og Tor vart jo kalla gudar lenge fyrr kristendomen kom hit til landet. Likevel valde dei norske bibelumsetjarane å nytta dette ordet som namn på Gud i Bibelen. I denne samanhengen er det difor viktugt å strika under at heller ikkje Allah er noko sernamn, i motsetnad til Odin og Tor. Ordet er ei samandraging av den bundne artikkelen *al* og ordet *iláh*, som tyder ‘gud’ (hebraisk *elóah*). I vitenskaplege framstillingar vert difor ordet ofte transkribert som *al-Láh*.

Reint språkleg tyder altso *Allah* (*al-Láh*) ‘guden’. Interessant nok brukar ein same nemning i Det nye testamentet. I den græske grunnteksti stend det mesta alltid bunden artikkel, «ho Theós», noko som ikkje gjeng fram av den norske umsetjingi. Både i Det nye testamentet og i Koranen vert altso Gud sett i bundi form som «Guden». Meiningi er sjølvsagt baa stader å hevja fram at det finst berre ein einaste Gud.

Same namn – same Gud?

Ei heilt onnor sak er det um me gjeng yver til det teologiske spursmålet: Bed dei kristne og muslimane til same Gud? Mange i baa læger, både kristne og muslimar, meiner at dei gjer det. For det finst berre ein Gud, seier dei. Det er sjølvsagt rett so langt det rekk. Men ser me saki frå eit teologisk synspunkt, kann me slå fast at gudsumgripet vert framstelt nokso ulikt i Bibelen og Koranen. Koranen segjer rett nok at Allah er medynksam og nåderik. Men å tillegga Allah slike eigenskapar som kjærleik og medynk, vert rekna for rein gudsspotting. For Allah er hoven yver alle menneskelege kjenslor.

Men det heilt avgjerande skilet gjeld syni på Jesus. Rett nok held muslimane Jesus for å vera den største profeten fyre Muhammed. Han var fødd av ei møy, og i motsetnad til Muhammed kunde han

gjera under. Men han var ikkje Guds son, for «det er ikke Guds vis å legge seg til barn» (sure 19,35), og «Gud tilgir ikke at Han gis medguder» (4,116). Slikt strider mot den muslimske trusvedkjenningi, som segjer: «Det finst berre ein Gud, og Muhammed er sendebodet hans».

I sure 5 les me dette (v. 72–75):

«72. Vantro er de som sier: ‘Gud, det er Kristus, Marias sønn!’ Men Kristus sa: ‘Dere Israels barn, tilbe Gud, min Herre og deres Herre.’ Sannelig, for dem som gir noen plass ved Guds side, har Gud stengt paradiset, og deres herberge blir Ilden! For illgjerningsmenn er det ingen hjelpere.

73. Vantro er de som sier: ‘Gud er den tredje av tre.’ Det er ingen gud unntatt én Gud! Hvis de ikke opphører med det de sier, så vil en smertelig straff ramme de vantro blant dem.

74. Skulle de ikke heller vende seg til Gud og be om Hans tilgivelse? Gud er tilgivende, nåderik.

75. Kristus, Marias sønn, var bare et sendebud! Sendebud var vandret bort før ham. Hans mor var en rettferdig kvinne. De tok begge til seg føde som vanlige mennesker.»

Jesus døydde ikkje på ein kross, av di Allah ikkje tillèt at hans profet vart handsama på ein slik måte: «Men de drepte ham ikke, og de korsfestet ham ikke, men det fortonet seg slik for dem. [...] Tvert imot, Gud har tatt ham til Seg.» (4,157–158).

Ein freistnad på eit svar

Muslimane hevdar at Allah gjenom sogahav openberra seg fleire gonger for «skriftfolki», jødane og dei kristne, dei som hev Bibelen; «Vi har sendt sendebud før deg, [...]. Hver tidsepoke har sin skrift», segjer Allah til Muhammed (13,38). Jesus var ikkje Guds endelege sendebod, for i avskilspreika til læresveinane hadde han tala um Sannings-Anden som skulde koma og «leida dykk fram til heile sanningi» (Joh 16,13). Og det er nett det Muhammed hev gjort. Han hev kome med den fullkomne og endelege openberringi. Muhammed er seglet på profetane. Difor segjer Allah til Muhammed: «Diskuter ikke med skriftfolket annet enn på beste måte, unntatt med de urettferdige blant dem, og si: ‘Vi tror på det som er åpenbart for oss, og det

som er åpenbart for dere: Vår Gud og deres Gud er én, og til Ham har vi gitt oss hen.» (29,46).

Muslimane hevdar altså at kristne og muslimar bed til same Gud. For det finst som sagt berre éin Gud. Dersom me so peikar på den store ulikskapen det er mellom det gudsbilætet me finn i Bibelen og i Koranen, fær me til svar at det er me som hev forfalska Skrifti: «Si: 'Dere skriftens folk, hvorfor forneker dere

Guds ord når Gud er vitne til det dere gjør?' Si: 'Dere skriftens folk, hvorfor hindrer dere dem som tror, fra Guds vei, idet dere vil gjøre den krokete?' ...» (3,98 f.)

Bed dei kristne og muslimane til same Gud? Svaret finn me i 1. Johannesbrev, kap. 2, vers 23: «Kvar den som neittar Sonen, han hev ikkje Faderen heller; den som vedkjennest Sonen, han hev og Faderen». Muslimane tilbed ikkje Jesu

Kristi far. Difor tilbed me ikkje same Gud.

Dette innlegget stod opphavleg på prent i avisa Dagen 20. november. Det erumsett for Målmannen etter løyve frå forfattaren. Sitati frå Koranen er etterumsetjingi åt Einar Berg, sist utgjevi i Verdens hellige skrifter 2000.

Brenn boki di sjølv, Fløgstad!

Av Lars Bjarne Marøy

Kjartan Fløgstad gav i fjor haust ut boki *Brennbart*. Tittelen byggjer truleg på at Fløgstad hev høyrte um bokmålelevar som millom anna skal ha brent upp nynorskuppgåvor. Dette hev kome fram i pressa etter at boki kom ut. Tittelen kann tolkast som at boki er kontroversiell, men skal nok helst spela på at boki kann brennast. Nedminking av åndsverk er eit sentralt motiv hjå Fløgstad i boki og i ordskiftet som hev fylgt etter at boki kom ut. I Dagbladet 14. november viser han til tvo presseuppslag der det vert tala um brenning av nynorskuppgåvor og nynorske ordlistor. Med boktittelen vil han signalisera at han set seg yver slike åtgjerder.

Dette er utan tvil ein pretensios tittel. Ein må spyrja seg kven det er som vil brenna boki åt Fløgstad. Det er snaudt serleg mange bokmålelevar i den vidaregåande skulen som vil idast å lesa boki, so då må ein spyrja seg kven Fløgstad siktar til.

Fløgstad gjeng då heller ikkje serleg hardt ut mot skulelevar ålment sèt. For det fyrste vil Fløgstad slå fast at Riksmålsforbundet samarbeidde med nazistane i okkupasjonstidi. Dinæst vil han påvisa at Lars Roar Langslet hev skove dette under teppet i riksmålssoaga. For det tredje gjeng Fløgstad til åtak på Hans Fredrik Dahl for nokre formuleringar i *Norsk idéhistorie*. Fløgstad ynskjer å konstruera ein samanheng millom at Riksmålsforbundet samarbeidde med nazistyrete maktene i krigsåri, historiskrivningi åt Langslet og Dahl på den eine sida og nedvurdering av nynorsken i den norske målstriden på den andre sida. Riksmålsforbundet og bokmålelevar serleg på Oslo vest skal, etter Fløgstad, vistnok vera prega av eit sers udemokratisk sinnelag.

Kva hev so Fløgstad å fara med?

Riksmålsforbundet i krigsåri

Fløgstad hev skaffa seg tilgang til protokollane til Riksmålsforbundet og hev finlese deim. Han hev kome til at Riksmålsforbundet alt tidleg var i kontakt med nazistyrete maktene for å få gjort um på rettskrivingi av 1938.

I 1941 var formannen i Riksmålsforbundet og formannen i Oslo Riksmålsforening med i den NS-uppnemnde rettskrivingskomiteen. Vidare kann ein slå fast at det vart halde umfram landsmøte i forbundet den 19. april 1941. Då fekk bae formennene ny tillit til å halda fram med kampen mot «det kohtske knot», som 1938-rettskrivingi vart kalla. På landsmøtet stelte journalisten Charles B. Middelthon mistillitsframlegg mot dei samarbeidsviljuge kreftene i Riksmålsforbundet. Med stort fleirtal avviste landsmøtet dette framlegget. Mot eit lite mindretal vedtok det høgste organet i Riksmålsforbundet å samarbeida med Quisling-styret for å få attra demokratiske vedtak.

Kulturkampen under okkupasjonen tok seg upp i februar 1942 med den sokalla «nyordningi». Lovene åt Quisling frå 5.2.1942 um lærarsambandet og nasjonal ungdomstenesta førde til læraraksjonen og arrestasjon og deportasjon av 1100 mannlege lærarar. Seinare i månaden la dei sju biskopane ned dei statlege embeti sine. På same tid vart Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag nazifiserte, noko som førde til at dei valde tillitsmennene straks la ned umbodi sine. Midt under denne kulturkampen vende Riksmålsfolki seg tvo gonger til Quisling-styret for å få, som Fløgstad segjer det, «hemn over Stortinget».

I fleire avisinnlegg sumaren 1946 freista opposisjonsmannen frå 1941, Charles B. Middelthon, å taka ei oppgjerd med den leidingi av Riksmålsfor-

bundet som vilde samarbeida med nazistyrete. Både formannen i Riksmålsforbundet og formannen i Oslo Riksmålsforening vart etterforska av påtale makti. I rettspremissane frå den siste saki heiter det (hermt i ein kronikk av Fløgstad i Aftenposten 18.12.04):

«Retten har under vitneavhøringa fått et forstemmende inntrykk av den fanatisme som har behersket visse riksmålskretser på den tid [nazi-tidi] slik at gode og aktverdige nordmenn, hvis nasjonale innstilling ellers er hevet over tvil, endog i dag har villet forsvare det samarbeid på sprogsakens område som ble innledet med nazistene i 1940–41.»

Mistaket åt Langslet

Lars Roar Langslet framstiller det derimot onnorleis i soaga åt Riksmålsforbundet: «Riksmålsforbundet holdt ekstraordinært landsmøte 12. mars 1941. Der ble det vedtatt, etter forslag fra Oslo Riksmålsforening, at Riksmålsforbundet og Noregs Mållag burde avgi en felles erklæring om å innstille språkstriden i disse vanskelige tider, så nordmenn ikke splitter sine krefter. [...] Men riksmålsinitiativet om en felles erklæring førte ikke frem og ble formodentlig avvist på den andre siden. Det fikk være måte på samdrektighet selv under en krig.» Langslet skriv òg at forbundet «sovnet inn» etter landsmøtet i 1941. Fløgstad kann derimot slå fast at det er godt dokumentert at Riksmålsforbundet tvo gonger i 1942 oppmoda kulturdepartementet åt Quisling um å revidera rettskrivingi av 1938. Langslet hev etter at boki *Brennbart* kom ut, gjenge ved at han hev teke i miss, og at Riksmålsforbundet var for og ikkje mot å samarbeida med nazistyrete um å få endra rettskrivingi av 1938, og at Forbundet ikkje sovna inn i 1941.

Norsk idéhistorie og Hans Fredrik Dahl Hovudfokusert etter at boki åt Fløgstad kom ut, hev vore kritikken av måten Hans Fredrik Dahl framstiller målrørsla i *Norsk idéhistorie* band 5. Av boki og ordskiftet er det tydeleg at Fløgstad hev rangtolka det Dahl skriv frå sida 346 til 349 i idéhistoria, og at ingen ser ut til å ha oppdaga det av di dei hev lese Fløgstad, og ikkje Dahl.

Dahl spyrr seg um kva som kann ha vore grunnane til at målrørsla ikkje vann aukande tilslutnad etter krigen. Han peikar på tri tilhøve: at den nasjonale dyrkingi under kong Håkon ikkje gagna målrørsla meir enn andre, at norskdoms-symbol vart misbruka, og at det fanst målfolk i Nasjonal Samling (NS). Var det fellesskapsmentaliteten i etterkrigstidi eller diskreditering i norskdomsmytologien som førde til at målrørsla ikkje tente på krigen, spyrr Dahl, som ei oppsummering av dei tri momenta han hev dryft. Han legg til at det trengst meir forskning for å fastslå det.

Fløgstad på si sida meiner at dette vert eit for snevert grunnlag å forska på. Han kallar det for forskning med bunde mandat. Kva andre moment Fløgstad vil draga inn som kunde vera interessante reint idéhistorisk, segjer han derimot ikkje noko um. Men han meiner at Dahl hev drege konklusjonane fyre det eventuelt kjem ei slik forskning. Fløgstad dreg serleg fram, både i boki og avisordskifti, eit tekstparti i idéhistoria som han meiner syner at Dahl hev drege konklusjonane sine, men utelèt eit par setningar som er viktige for konteksten (sette i kursiv her):

Men flere forhold spilte inn. Andelen av mål- og norskdomsfolk som sluttet opp om Quisling, var ikke ubetydelig. NS-regjeringen var da også sterkt engasjert i slike ting som folkedans, bygde- og ungdomslag og alle slags norske og norrøne uttrykk og former. Det fantes målfolk som så det slik at Ivar Aasens verk ble videreført av ideologer som Alfred Rosenberg i Tyskland og Vidkun Quisling i Norge. I en viss utstrekning har vel slike målsideologiske NS-folk diskreditert bevegelsen og lagt en avstand til den vanlige etterkrigsfeiringen av kampen mot nazismen. (s. 336 f.)

Setningi som innleider denne bolken, syner klårt at dette er berre eitt moment av fleire som Dahl tek upp. Eventuelle målfolk i NS kann also etter Dahls syn vera ei delforklaring på at målrørsla miste oppslutnad etter krigen, men er ikkje den

einaste, slik Fløgstad vil ha det til.

Fløgstad peikar (s. 27 f.) på at Alfred Rosenberg, som Dahl segjer at målfolk i NS såg upp til, var andsvarleg for masse-dråp på millom 10 og 20 millionar menneske. Deretter hevdar han at «den offisielle norske idéhistoria, utgitt på Aschehoug i 2001» kallar massedråpi for «ei vidareføring av Ivar Aasens verk». At det etter Dahls meining fanst målfolk som såg samanhengar millom Ivar Aasen og Alfred Rosenberg, tyder ikkje at Dahl ser slike samanhengar, snarare tvert um.

Men det er ikkje nok med denne soleklære og hårreisande urimelege tilleggingi av synspunkt. Lat oss sjå på ei meir harmlaus formulering som Fløgstad hev hengt seg upp i. Fløgstad meiner at Dahl kann gjeva inntrykk av at det var heile målrørsla som slutta upp um Quisling gjennom at han skriv at «[a]ndelen av mål- og norskdomsfolk som sluttet opp om Quisling, var ikke ubetydelig». Lenger nede vert likevel Dahl klår nok når han skriv «slike målsideologiske NS-folk». Det er ei formulering som peikar eintydig på at det gjeld målfolk i NS, ikkje i mållagi og målrørsla.

Kann so rangviljuge lesarar tolka Dahl som at det var ei rad målfolk som slutta upp um nazismen? Dersom ein gjeng fram til innleiing i av kapittelet to sidor lenger framme, kann ein lesa um «Knut Knutson Fiane – målmann og NS-mann». Dahl umtalar honom som ein mann med ein «uvanleg idéprofil»: Det var also ein uvanleg idéprofil å vera knytt til både målrørsla og Nasjonal Samling.

Det ein stend att med, må vera ei av dei drjugaste skuldningane i norsk målsoga:

«Dette [massedråp på 10 til 20 millionar menneske] kallar den offisielle norske idéhistoria, utgitt på Aschehoug i 2001, for ei vidareføring av Ivar Aasens verk.» (s. 30).

Ordsiftet um *Brennbart*

Hans Fredrik Dahl skriv 4.12.04 i *Dag og Tid* um rangtolkingi åt Fløgstad. Han viser fyrst til alt det uppsamla hatet som ligg under boki åt Fløgstad, so slær han fast: «I denne emosjonelle diskursen kjem saklege argument naturleg nok i andre rekkje. Den måten Fløgstad gjev att innhaldet av det som står om NS og målsaka i bind 5 av *Norsk idéhistorie* (Aschehoug 2001), er mest det motsette av kva eg meiner.» Dahl hev dessutan stadfest i pressa at målrørsla var lite merkt av nazismen.

Trass i dette hev ei rad skribentar på rekkja og rad skulda Dahl for å gjera koplingar millom målfolk og nazistar. Den eine nynorskbrukaren etter den andre hev stade fram og underbygt eller insistert på at målfolk ikkje var nazistar på alle tenkjelege og utenkjelege vis. Det hev vorte eit utal av presseklipp av dette. Målfolk lét til å tru at dette fremjar målsaki. Men ein må spyrra seg um det gjer det. Det som fremjar målsaki, er målretta arbeid for å få nynorsken fram på ulike samfundsumkverve; å driva ein endelaus forsvarskrig i dette høvet, di meir mot utsegner som beint fram er harmlause, kann vel snaudt segjast å gjeva ein slik framgang.

Mange målfolk meiner at målrørsla var totalt lamma av krigen i 1945 og at det var uråd å driva organisasjonsarbeid då. Det er neppe rett. Når ein ser på det agelege arbeidet til dømes Vestlandske Mållag dreiv med å pressa på for å få eit nynorskuniversitet i Bergen, vert det vanskeleg å segja at den delen av målrørsla ikkje var arbeidsfør det fyrste året etter krigen. Andre meiner at rettskrivingsstriden lamma organisasjonen, men landsmøtet i 1946 verka tvert um samlande. Landsmøtet vart halde i Bergen og valde eit samnorskvenleg styre. Den beste forklaringi på målattendingangen er truleg at samnorskpolitikken og vantande vilje til å driva aktiv organisasjonsbygging i og kring Noregs Mållag førde til at Mållaget ikkje hadde noko å stella upp med då Riksmålsforbundet fekk greiddt upp i tilhøvi frå krigen, fekk motstandsmannen Øverland til frontfigur i 1947 og byrja å driva dugeleg mobiliseringsarbeid. Til samanlikning vart det ikkje halde landsmøte i Noregs Mållag i 1947, samnorskstyret forsømde seg i so måte. Det er på tide at målrørsla sluttar å skulda på alle andre. Når det gjeld den saki at målrørsla fekk vantande tilslutnad, er det målrørsla og Noregs Mållag sjølv som må taka sjølvkritikk. Spor av slik sjølvkritikk finst knappast korkje i *Brennbart* eller i ordsiftet kring boki. Det er snaudt nokon som idest å brenna boki åt Fløgstad, so skal ho brennast, må han nok gjera det sjølv.

For nokre år sidan fekk elevane ei eksamenssuppgåva der dei skulde tolka ei tekst av Fløgstad um sidemålsstilen. Då var det ingen som skyna ironien åt Fløgstad. Lat oss vona at elevane slepp å tolka Fløgstad til neste eksamen. Det kjem neppe til å styrkja nynorsken.

Tankekorn frå sidelina


Av Karsten Alnæs

Innlegg på målstemna på Stord 1.–3. november 2002.

Eg høyrer til dei bokmålingane som set pris på nynorsken, som kjenner han er ein del av meg òg, og som difor vert sedd på med mistru både millom nynorskingar og bokmålsfolk. Ein bygut, som hev levvt 17 år av sine barne- og ungdomsår i ei gata på Nedre Kampen skal ikkje lika nynorsk, allra minst skriva nynorsk eller halda fyredrag på dette målet. Dessutan kann han ikkje språket. Han må ikkje koma her, han hev ikkje fenge det inn med morsmjølki – det var sjølvstøtt onnorleis med Joseph Conrad som skreiv eit glitrande engelsk endå han var polsk, eller Samuel Becket eller Franz Kafka, eller alle dei andre diktarane som dikta stort på eit anna mål enn det dei voks upp med – nynorsk skil seg i so måte frå alle andre språk i verdi – det er berre dei som veks inn i det, som skal bruka det, i so måte er det bra at innvandarane held seg undan det, dei òg.

Men eg er alto ein av desse moderne heimløysingane som vantar god folkeskikk og difor triv til det eg helst burde halda meg burte frå. Eg er millom deim som er rivne upp med røtene, og ikkje finn fast feste i noko, so kvifor ikkje nynorsk òg? Formøderne og forfederne braut rett nok ein gong upp frå ytre Sunnmøre, nørde Nordmøre og Heidal i Gudbrandsdalen, so noko bonde- og fiskarblod flyt det vel i meg òg, men det er for lengst utvatna av byliv og umoral. Ja, ja, det gjeng vel den vegen med oss alle, men nokon fell i fordervingi tidlegare enn andre.

Min kjærleik til nynorsken vart eigenleg vekt då eg las neslone til Tor Jonson i gymnasdagane og skyna at han skreiv um bakgata mi og mobbingi og kjenslekulden i dei kvartal eg voks upp. Han hadde berre bruka dekknamn og kalla gatone for Lom i staden for Kampen, men du verdi korleis han hadde røynt korleis det var å verta utfrosen, uthengd, utvist og ute av seg sjølv. Sjølvstøtt handla neslone um det såre og hudlause i oss som me alle kjenner oss heime i. Samstundes er neslone eit forsvar for det menneskelege, det medvitne andsvaret me alle ber. Det er småstubbar som skapar medvit og talar til medkjensla – kann henda er nett det noko sentralt i den



Karsten Alnæs reknar seg som «bokmåling», men hev sterk samhug med nynorsken. På målstemna på Stord 3.11.2002 gav han råd til målfolket.

nynorske kulturen?

Seinare fekk eg gode vener som lærde meg mykje. Eg underviste på ein skule som vart administrert på nynorsk, gav sjølv kurs i nynorsk då eg vart lærar på journalisthøgskulen, skreiv til og med ei bok på nynorsk og nyttar målet ein sjeldan gong. Eg kjenner eg hev ein flik av ein nynorsk språkleg identitet, på same vis som eg hev ein samklang knytt til talemålet på Kampen, eller til bokmålet eller andre av dei rollone ein smett inn og ut av i våre dagar.

Lat meg strika under at ei slik kjensla av identitet kjem ikkje av seg sjølv. Identiteten er knytt til det miljøet som du hev kring deg. Når eg kjende nynorsken som ein del av kvardagen, hadde det sjølvstøtt samheng med at målfolki hadde skapt institusjonar som greip inn i livet mitt. Eg høyrde nynorsk på Det norske teatret, las boklistone til Det Norske Samlaget, vart rettleidd av plakatanne til Fylkesbåtane i Møre og Romsdal, lydde til nynorskkrøystene i dagsnytt og frå Meteorologisk institutt. At eg i seks år underviste på Valdres gymnas, fekk òg mykje å segja for meg.

Eg hev i grunnen alltid vore yvertydd um at ein bokmåling ikkje kann skyna sitt eige land um han ikkje kann nynorsk. Utan nynorsk kann han ikkje tileigna seg det som Ottar Grepstad kallar kulturell dobbelkompetanse, det er innsyn i heile det norske kulturtilfanget. Grepstad viser til Olav H. Hauge som segjer: «Noreg ser

du berre gjennom Aasen, Vinje, Garborg, Duun, Krokann, Bygd, det er Noreg.» Fullt so sterkt vil ikkje eg segja det, men utan å kjenna både nynorsk og bokmål kann ein i alle fall ikkje femna breiddi og variasjonane og heller ikkje skyna dei innebygde motsetnadene i den norske kulturen.

I 1960-åri trudde mange av oss at nynorsken vilde verta gravlagd fyrr hundradåret hadde sovna inn. Nokre meinte nynorsken var ei attergløyma frå nasjonalromantikken og ikkje kunde vera liv laga ettersom byane voks, livet vart meir moderne, og folk frå vest og nord strøymde til Austlandet og til dei store byane. Frå 1945 til 1970 vart i alt 70 000 småbruk lagde ned her i landet. Ein million menneske var på vandring. Folk braut upp frå utvær og skogsbygder, og det norske familiebruket song på siste verset.

Men nynorsken vart ikkje so mykje veikt av den store flytjesjauen som ein skulde tru når ein såg på umfanget av den veldige umveltingi. Han skrumpa noko i skulen og i pressa, men heldt seg godt i dei tradisjonelle regionane i vest og i fjellbygdene på Austlandet. Nynorsk bokheim imponerte framleis med framifrå forfattarar, og Det norske teatret hevda seg som det beste i landet.

Det hende likevel noko meir med landet vårt enn at folk braut upp frå plog og hest og forlét grendi og øyi. I dei fyrste tiåri under den store flytjesjauen vart folk verande bygdefolk i sjæli jamvel um dei flutte til byen. Jamvel um grendene vart tømde, levde draumen um landsbygdi vidare hjå deim som fór. Meiningsmålingar synte at jamvel um folk ikkje kunde bu i bygdene – av umsyn til skule og arbeid – so ynskte dei fleste likevel å setja seg fast der, um dei hadde havt høve til det. Fjellet, skogen og grendene lokka meir enn byane. Folk miste ikkje røtene sine i det bygdenorske um dei flutte burt – hjarta levde på Voss og i Valdres, og sansen for det nynorske likeins. Det synte seg millom anna i bygdelagi i byane, i interessa for folketradisjon og folkemusikk, og i mykje anna. Eg såg det tydeleg i mi eigi gruppa – forfattarane Olav H. Hauge, Hans Børli, Trygve Bjørge, Paal Helge Haugen og mange andre som eg kjende godt, budde i bygdene.

Men i nittiåri – det avgjerande tiåret

i framvoksteren av den norske folkesjæli – kom det eit stemningsskifte. I alt større mun syntet seg at serleg unge menneske no identifiserte seg med byen, serleg dei store byane, og at dei vilde velja byen som bustad. Heile det norske hjarta vårt vilde ikkje anna enn å sitja på kafé og vera urban, det var ikkje berre den norske landsbygd di som kvarv, det var òg draumen um landsbygd di som vart burte.

Denne trenden vart stendig sterkare utetter i nittiåri. Nordmenn vart meir og meir yvertydde kvar gong folk frå meiningsbyråi spurde deim: Dei prefererte den urbane levemåten og dyrka honom meir og meir ettersom 70-åri kom på fråstand. Det galdt som sagt serleg unge menneske. Dei fleste under tretti år vilde bu i ein by med yver 100 000 innbyggjarar. Samstundes syntet seg at denne urbane preferansen heng saman med ein livsstil knytt til konsumerismen. Nordmenn vilde bu ein stad der dei kunde kjøpa, forbruka, njota eit liv der sjølve kjøpehandlingi er viktug. Ei undersøking viser at fleire og fleire av dei unge hev shopping som fremste fritidssysla. Og shopping gjer ein best i byane. Det ser ut til at det er ein viss samanheng millom svikten i kollektiv samkjensla og den individuelle hedonismen som konsumerismen innbyd til. Grendi, lagi, dei politiske partii, samyrkjet i mindre grupper hev mindre å segja enn å falda seg ut individuelt og knyta seg til ting ein kjøper, eller i alle fall drøyma at ein er knytt til deim.

No kann ein segja at det er ikkje so fârlegt, for nynorsken høyrer ikkje lenger heime på landsbygd di. Målet som Aasen ein gong skapte, bur i Oslo no, i NRK, på dei store forlagi, i tidskriftene, i institusjonane – han er ein klangbotn for moderne tankar innanfor filosofi, sosiologi, litteraturvitskap, arkitektur og livsstil. Ja, kann henda kann han til og med verta ein reidskap for marknads-tenkjingi og kjøpekulturen.

Eg er ein av deim som stødt peikar på det motkulturelle og radikale aspektet ved nynorsk-kulturen – nynorsken som uttrykk for ein samfundskritisk og moderne og livsstil der nett dei urbane impulsane er viktuge. Men gløymmer ein at nynorsken hev røter i norsk bygdekultur, og eg vil segja i dei beste tradisjonane i norsk bygde- og bondekultur, gjeng ein seg fast i eit skorfeste. Nynorsken hev heilt sidan krigen vore ein motstraum mot kjøpekultur, yverflatekultur og glatt amerikanisering – han er kulturelt sét knytt til norsk natur, norske tradisjonar

og norskt lynde – ikkje i banal meining, men tvert imot innevoven med alle dei motsetnadene som denne kulturen ber i seg. Det tyder med tvisynet, dobbelbotnane, låtten og gråten, det duunske og garborgske.

Det er sjølv sagt meiningslaust å måta nynorsken til konsumerismen. Det gjeng ikkje og bør ikkje ganga i hop. Likevel må målfolki innsjå at utviklingi som no er på gang, kjem til å få mykje å segja for deira kultur. Det som hender, er noko som ikkje gagnar deira sak, må vita. Nynorsk kultur inneber eit verdival, og dei verdiane nynorskingane stend for, held klårt på å missa taket hjå folk flest. Den politiske utviklingi er eit klårt prov for det. Dessutan aukar straumen frå bygdene meir enn dei fleste av oss vil innsjå. Det siste bandet i *Norsk jordbrukshistorie* som Det Norske Samlaget hev gjeve ut, inneheld prognosar som skapar eit mest bygdelaust framtidsscenario. Nyare undersøkingar av talemålsutviklingi syner òg at påverknaden frå Austlandet og Oslo aukar. Massemedia er den store elevatoren og standardiseringi vil truleg berre verta sterkare.

Nynorsken hev elles havt ein vinglande skapnad dei siste femti åri. Det hev etter mi meining svekt han mykje og skapt ein tokke av at nynorsk ikkje er noko fast språk, men ein fljotande, amorf masse som aldri vilde finna si form. Grunnane til uføret er at språksnikkarane som laga læreboknormalar, flisa upp nynorsken slik at han endra seg frå år til år, frå haust til vår. Språket fløyndte yver av sideformer og jamstelte former. Jamvel folk med klisterhjerner visste ikkje kva dei kunde og kva dei ikkje kunde skriva. Nynorsken vart eit skrømt du aldri visste kven var – eit eldorado for filologar, men eit mareritt for den vanlege brukaren.

Eg skreiv for nokre år sidan ein artikkel i Dagbladet um den franske segjemåten «les amis se battent», som på tradisjonelt nynorsk tyder «nokre vener slæst», og som ein på fransk berre kann skriva på éin måte. Men på nynorsk kunde ein frå ein matematisk-filologisk synsstad skriva denne utsegn i på heile 36 ulike vis! So ille er det ikkje alltid. Men bladar ein i ei nynorsk ordlista, vil ein snøgt finna ut at svært mange heilt vanlege ord kann skrivast på fire ulike vis eller meir, t.d. *ein motsetnad*, som attåt kann heita *ei motsetjing*, *ei motsetting* og *ei motsetning*.

Dei franske språkmennene på 1600-

talet strika under kor viktugt det var at språket såg likeins ut det eine året som det neste, at ein kunde kjenna seg trygg på språket, at det hadde ei fast form, at det hadde ein karakter. Ivar Aasen la òg vekt på dette. Som svar på den vesle artikkelen min i Dagbladet fortalde likevel nokre sinte nynorskingar meg at det berre var bokmålsfolk og elevar i Oslo-skulen som reagerte negativt på det frodige og viltveksande i nynorsken, me måtte då skyna at nynorsken skulde vera ein klangbotn for heile det rike målføretilfanget i norsk. Sant nok. Resultatet av dei grøderike vali er likevel at mange vanlege nynorskbrukarar kjenner seg framande og forvirra. Ikkje fyrst og fremst yver at vanlege bruksord frå bokmål strøymmer inn i nynorsken, men at sjølve språket synest å ganga upp i limingi. Det yr og ynglar av former og skrivemåtar, og folk saknar sårt den tryggleiken som Aasen og dei franske språksnikkarane hadde skyna at eit språk laut hava. Ein slik tryggleik er sjølv sagt fyrst og fremst viktug frå ein psykologisk synsstad. Skriftspråket skal gjeva feste og vissa. Der talemålet vinglar og skifter slik talemålet alltid gjer, skal skriftmålet segja: soleis skal det vera. Det er det klare valet av éi form som gjer skriftmålet til ein samnemnar for ein rikdom av fonetiske og morfologiske avbrigde. Skriftmålet er samlaren, han skal me alle kunna flokka oss attum. Han dreg kvintessensen av talemålsformene, sjølve konklusjonen, og samstundes representerer han noko ei heil gruppa kann identifisera seg med.

I dag trur eg nynorsken fyrst og fremst treng stabilitet. No hev i røyndi det nynorske bruksmålet, slik det kjem til uttrykk i bøker og blad, alt fest seg i éi form. Eg ser burt frå nokre fæe tulleruske filologar som alltid vil dyrka sitt eige avsundra målføre. Men dei fleste kvardagsbrukarar som talar og skriv um livet utanfor filologien, hev standardisert språket sitt i ei nokso fast og avgrensa form. Det hadde vore ein lette for den praktiske bruken um einkvan laga ei stor ordlista eller ei liti ordbok utan valfrie former som var bygd på det som filologane kallar usus. Det tyder bruksnynorsken. Ein måtte sleppa dei mykje bruka bokmålsordi inn, ein måtte ta umsyn til dei mest bruka bøyggingsformene, og dei som skulde laga ei slik ordbok, vilde sikkert vera usamde i mangt og riva kvarandre i håret. Men eg veit dei kann greida det. Og ordboki

trong ikkje tevla med normerte ordlistor og arbeidet til Norsk språkråd. Men ho kunde trøysta dei fleste av oss og slå fast at nynorsk no hev vakse fram som eit eige mål på trygg grunn. Det hev eit klangverk, ein struktur, ein konsekvens, det er diftongdronningi millom dei nordiske måli, og det hev funne eit lægje. Noko vil ein saktens slåst um her òg – men eg trur det er mogeleg å finna ei samlande fana.

Eksperimentatorane, som alltid vil leva i nynorskmiljøet, vil halda fram med å utforska ukjende kystar og med tidi føra nytt og spanande tilfang til språket. For dei er uvissa ei utbjoding. Men nynorsken er ikkje til for deira skuld, det er den jamne brukaren som treng honom i det daglege strevet for sin kultur. Nynorsken er heller ikkje til for målføri våre. Det er eit eige språk som ein gong skaut upp av det norske talemålet, men den store umlagingi som dialektane i dag gjeng gjenom, kann ikkje nynorsken gjera noko med.

Ut frå ein slik synsstad er det sjølvsagt trist å tenkja på at målfolki historisk sét sjølve hev vore med på å øydeleggja grunnlaget for ei stabil norm. Ja, i grunnen var målfolki heilt sentrale i den mest imponerende freistnaden på språkleg sjølvmod i europeisk målsoga. Nynorskfolk i generasjonar reiv kvarandre i håret, kranvla og slost, vakta på kvarandre og motarbeidde kvarandre som best dei kunde. Nokre av dei vilde halda på normalen til Aasen, andre vilde byggja på ein austlandsnormal, og atter andre vilde byggja på tilnæringslina. I det offisielle målriket der politikarane og mange av filologane rådde, var det den siste lina som vann fram.

Tanken um å sameina dei to språki slik at dei veks i hop, er ein vakker, romantisk og sjølvsagt heilt urealistisk tanke. Endå i dag då sentrifugalkreftene og standardiseringspresset er større enn nokon gong, synest ei slik samansmelting heilt illusorisk. Um ho likevel hadde vorte tvinga fram, hadde ho utarma den norske kulturen som jo hev tent godt på dei store skilnadene og motsetnadene.

Frå min synsstad er noko av det viktugaste for nynorsken i framtidi at han vil halda fram med å vera utskiljande soleis at han tydeleg markerer seg og kann kjennast att. Liksom eit ord må kunna skiljast frå eit anna, må òg eit språk kunna det. Ein må kjenna det att i høve til andre språk, målet må ha ein profil, eit andlit, ein identitet som ein med ein gong kann

identifisera. Det er ordtilfanget, morfologien, ordvalet, klangen og dei syntaktiske strukturane til saman som skapar denne identiteten. Og når ein høyrer det eller les det, må ein ikkje ein augneblink vera i tvil um at det er dette språket, og ikkje noko anna, ein hev framfor seg. Med ein einaste gong skal ein kjenna det att. I ein ljusblick slær det ein: Dette er heime-målet, dette er det eg voks upp med, eller det eg lærde meg å leva med.

Skal ein kjenna seg innanfor noko, må noko vera utanfor. Det må finnast grenselinor, markert ved framande ord, ljosdar og former som ein godt kann bruka og låna, men som ikkje må forma um på språket soleis at den spontane vissa um at dette er mitt, vert øydelagd. Serleg er det viktugt for nærskylde språk at dei markerer skilnadene seg imillom. Ei tilnærming kann nemleg skapa uvissa, vingling, frustrasjon og til sjuande og sist likesæla. Det er ei røyntla me kjenner frå psykologien. Dersom nokre forsøkspersonar fær i oppgåva å skilja ein stutt og ein lang ljod frå kvarandre, vert det skapt spenningar og uvissa hjå forsøkspersonane når dei tvo ljodane nærmar seg kvarandre i lengd.

Tilnæringslina i norsk språkpolitikk førde til nett den same kjensla, serleg hjå nynorskfolket. Nokre av dei viktugaste grensesteinane vart vanda, noko av den fargen som hadde gjeve språket sin serlege dâm, vart viska ut, mange hadde ei kjensla av at dei var i ferd med å misse noko av det viktugaste.

Dei som vilde nærma dei to språki til kvarandre, hadde grunngeve standpunktet sitt ut frå nasjonale og kulturelle fyremål, og det læt vakkert, men dei undervurderte dei psykologiske verkadene det vilde få når ein viska ut grensone. Dei skyna ikkje at folk flest hev kjenslor og identitet knytt til språket, at språket er ein del av både ein sjølv og den kulturen ein høyrer til.

Etter mi meining vil den nynorsknormalen som sviv ein stad millom radikalt bokmål og bokmålsinfisert nynorsk, aldri vera liv laga av di ein slik versjon bryt dei grunnleggjande språkpsykologiske fyresetnadene for eit mål. Sjølvsagt kjem bokmål og nynorsk alltid til å vera tvo norske mål som syner skyldskap med kvarandre og som låner ord og ordlag frå kvarandre, men dei vil bære vera tente med markante grensor. I røyndi trur eg nynorsken taper stort på å bokmålfisera seg. Ved sida av stikkordet *stabilitet*, vil for meg stikkordet *klår profil* vera det

viktugaste løysingsordet for nynorsken i framtidi.

Målfolki må òg slutta med å drøyma um å samla alle skulekrinsar under nynorskfanone. Dei må stikka fingeren i jordi og innsjå at den tidi kjem aldri. Det er òg viktugt å godtaka bokmålet som ei fullgod norsk målform og ganga ved at òg bokmålingar kann hava ein kjærleik til skriftmålet sitt på lina med den målfolket hev. Det er ikkje god tone i bokmålskrinsar å vedkjenna seg ei slik kjensla, men ho finst sjølvsagt hjå mange, og det vilde styrkja sambandet millom det bokmålske og det nynorske kulturriket um dei tvo krinsane respekterte kvarandre og ikkje minst den integriteten som dei no bære ber i seg. Eg trur diverre det enno er eit stykke å ganga her. Fyrst og fremst sit vanvyrdnaden for nynorsk godt fast mange stader, serleg i byane og stasjonsbyane, men òg andre stader og i mange lag av folket. Rett nok er hånen mindre skarp no enn han var på 50- og 60-talet, men ein kann enno merka kulden i bygatone, og ikkje minst vankunna um kva nynorsk kultur i røyndi er.

Diverre kann ein merka den nedlatande og sjølvbyrge tonen millom målfolki òg. Det er ikkje nok å vera like gode som bokmålsbrukarane, det er naudsynt å vera betre, skriv Ottar Grepstad i boki *Det nynorske blikket*, og meiner visst at nynorskbrukarane til vanleg er det. Han skildrar òg ein slik situasjon som eg er i no. Eg siterer:

«Slik sett har nynorskbrukaren eit innvendig forhold til nynorsk, mens bokmålsbrukaren blir ståande på utsida. Tydelegast blir det i formelle situasjonar der ein bokmålsbrukar med manuskript i hand skal uttale seg om nynorske kulturpolitiske spørsmål. Den minste digresjon utanom manus kan avsløre kor innvendig eller utvendig talaren er i høve til emnet.»

Eg hev stor respekt for Grepstad og tykkjer i motsetnad til son min at han hev skriva ei god bok, men eg hev vanskeleg for å forstå at eg er «utvendig» i negativ meining, endå eg ikkje nyttar nynorsk i talemålet mitt. Og spursmålet mitt er elles: Kven gjer i grunnen det? Kven og kor mange brukar ei normert nynorsk talenorm av det slaget Olav Midttun i si tid drøymde um? Eit anna spursmål: Er det naudsynt å vera innanfor for å forstå ei kulturovring? Kann ikkje ein frå sidelina sjå trekk i vevnaden som dei innanfor hev vanskeleg for å få auga på? Eg for min del trur ikkje at nynorsken vil oppleve ei standardisert talenorm som ber

fram eit skriftspråk. Eg meiner òg at me hev ein målføreromantikk og eit talemålsvermeri her til lands som hev øydelagt mykje av vyrdnaden for ei yverordna skriftleg form.

Men i botnen av alt arbeidet for ditt eige språk ligg vyrdnaden for andre. Det må både bokmålsfolket og nynorsk-ingane leggja seg på hjarta.

Mistyd meg ikkje. Sjølv sagt vert eg og andre bokmålsfødde norskingar aldri fullgode nynorskbrukarar. Eg veit sjølv sagt at nynorsken er eit eige språk, som fransk eller tysk, det er ikkje ein avleggjar av bokmål, eller ein variant av nordisk, det hev sin eigen klangbotn, sin eigen rytme, sin eigen sleng. Bokmålingar som eg fær honom aldri under hudi, me lærer aldri å kjenna alle liter, undertonar, stemningar og blinkskot, og me bør lata nynorskfolket sjølv greida upp i språket sitt. Men målet er òg vårt av di me er nordmenn og må læra det som norsk på skulen. Difor ser me helst at nynorskingane turkar vekk fliren og innser at respekt for eige mål skal ganga båe vegar.

Det tyder ikkje at vi ikkje respekterer at målfolki misjonerer og agiterer for sitt språk. No kann kvar og ein kann henda irritera seg yver den ævelege misjoneringi til målfolki, slik som Einar Økland. I eit innlegg i boki *Nynorsken i 80-åra* skriv han at han er gjengen leid av denne misjoneringi som «går ut på å lækje dei som alt er friske, få dei rettruande til å bli endå meir rettruande». «Omvendinglina er ikkje lenger lønsam», skriv Økland. Eg kann vera samd med honom i det. Og når Økland vidare skriv at det er betre for målrørsla um ein byggjer upp institusjonane og satsar mindre på målmissjonærar og agitatoriske trykksaker, er det vitug tale, det òg.

Likevel er det heilt klårt at serdraget i nynorsken nett er knytt til gløden, engasjementet og umsuti for sjølve språket. For bokmålingar flest er morsmålet deira noko sjølv sagt, for mange nynorskfolk er det noko ein må strida for heile, heile tidi, som dessutan må vølast, vernast, gjødast – ja, og noko ein lyt vera medviten um heile tidi. Nynorsk er noko ein vitnar um, eit språk som frelsar ein og fær ein til å uppleva verdi på ein ny måte. Skyldskapen millom mållaget og bedehuset er tydeleg, det skapar av og til ei uforsonleg haldning til deim som stend utanfor, og det må me lunkne bokmålingar tola, jamvel um det no er tid for å samsnakkast meir enn fyrr.

Elles veit eg godt at mange målfolk hev vigt seg til målarbeidet meir av plikt enn av glød. Ein av heltane mine millom både filologar og målfolk er Gustav Indrebø, mannen bak den store målsoga og det store arbeidet med norske stadnamn. Han hadde mykje å segja for målrørsla i trettiåri, men han tok det som ein «skyldnad», skriv han i eit brev til Arne Bergsgård i slutten av trettiåri. Og han neittar ikkje for «at eg hev trega ikkje so sjeldan dette året på at eg i si tid gav meg inn i målarbeidet og no hev sumla burt beste åri på det».

Men han hadde also ein skyldnad. Eller som han skreiv til Eigil Lehmann i 1942:

«De sagde eit ord då me talast ved på årsmøtet i Karmsund Mållag 6. april 1940: Det er *me* som skal tena målet. Det tykkjer eg råkar so godt det rette. Kjem den tanken inn, at det er me som skal lyfta ei oppgåva, gjera det vel, då vert folk huga til å få målet so godt og sant norskt som råd er. *Tenarhug andsynes oppgåva*, det er det då som skapar store verk, i eit folk òg.»

Men trass i all opprivande målstrid, trass i urbanisering, flytjesjau frå bygdene, formelt kaos og tilnæringsarbeid lever sjølv sagt nynorsken i beste velgåande slik alle kann sjå. Han ovrar seg i NRK, i TV2, i statsstyringi, i pressa, i sakprosaen, i skjønnlitteraturen, i fyresegner og tekniske utgreidingar, i kjærleiksbrev og i rasande brev frå fornærma grannar. Det lever vidare som kvardagspråk, bruksspråk. Etter statistikken styrkjer han stillingi si som administrasjonsspråk i kommunane og i kyrkja, og skal ein tru Ottar Hellevik, kann talet på dei som likar best å lesa nynorsk, koma til å stiga i åri som kjem.

Eg hev alt peika på at styrken i språket ligg i det heimlege, men i nynorsk-kulturen hev det framande, etterrøkjande, nyfikne og opne og samtidig sarkastiske òg vore viktuge renningar. Forfattarar som Ragnar Hovland, Jon Fosse, Einar Økland og Kjartan Fløgstad representerer dette innslaget i dag. Dei tvo filosofane frå Voss, Jon Hellesnes og Hans Skjervheim, gav nynorsk-kulturen djupe røter i framand jord, liksom dei store umsetjarane som knyter Noreg til Hellas, Roma, Iran og den gamle europeiske kulturen. Framande røyter i nynorsk bunad er viktuge for Noreg og for den nynorske kulturen, men òg eksperimentet, tvilen, det moderne, som syner at nynorskingane alltid hev rådt i

den delen av landet som vender kysten sin vestetter og utetter. Eg skulde ynskja det var fleire av dei moderne og sarkastiske røystene. [...]

Eg hev i dette fyredraget nemnt fleire teikn i tidi som varslar tronge tider for målfolki. Oslo og Austlandet dreg folk til seg som ein magnet. 1990-åri var eit av dei store utflytjingstiåri i fyrre hundradåret, utviklingi ser ut til å halda fram. Mange av dei tradisjonelle nynorskstroki lek, samstundes kverv nynorsken meir og meir i den nye populærkulturen som fyrst og fremst vel engelsk som idiom. Våre nye landsmenn, som det heiter, flokkar seg òg helst i Oslo aust eller på andre stader der bokmål er skulemål. Dei vel burt sidemålet av di dei er framandspråklege og dei les ikkje eingong reise-skildringar frå den eksotiske nynorsk-teigen av fedrelandet.

Samstundes skrumpar nynorsken på dei tri største forlagi våre, han er halden ute frå dei største riksavisone, på umkverve etter umkverve synest han å verta trengd attende, dei nynorske krigarane slost djervt, men ei ny høgrebylgja trugar – og den politiske egoismen, liberalismen og materialismen er på frammars og gjev dårleg voksterjord for nynorsk kultur.

Men urbanismen og høgrebylgja sigrar ikkje på alle frontar. Den radikale folkekulturen, som er eit livsvilkor for nynorsken, hev slett ikkje sloppet taket i norskingane, um nokon skulde tru det. Nynorskingane hev òg fenge eit større medvit um eigen kultur som hjelper dei betre no enn fyrr. Det er no upp til dei sjølve um dei vil at språket skal ganga inn i si tid og vera ein reidskap for den nynorske kulturen, eller um det skal vera eit språkleg kaleidoskop for målføri våre. Skal ein satsa på brennglaslet eller forvirringi? For min eigen del er eg ikkje i tvil um at ein livssterk nynorsk skriftnormal er viktugare enn nokosinne for humanismen, mangfaldet, vitaliteten og toleransen i det norske samfundet. Det hev enno mykje med Tor Jonson å gjera, med det å vera medmenneske, med det å vedkjenna seg sitt eige. Nynorsk hev aldri vore og kjem aldri til å verta ein nøytral reidskap som femner um alt – han kjem alltid til å vera merkt ved at han målber ein motstraum, ein minoritet og ein bundel med verdjar. Han hev lange røter og difor òg ei fjern framtid til bate for det beste i oss. Det er mykje som stend på spel og me hev ikkje råd til å spela burt.

Darwin hadde større innverknad enn Einstein

Av K. E. Steffens

Iver Mysterud:

Mennesket og moderne evolusjonsteori
Gyldendal 2003. 1255 sidor

Ved yvergangen til dette hundradåret kora det amerikanske magasinet Time Einstein til den viktugaste og mest innverknadsrike personen i det sekelet me hadde lagt attum oss. Men nokre månader seinare kunde ein i Scientific American lesa eit «Sorry Einstein»: den fremste mannen i hundradåret var, målt etter den innverknaden han hadde havt, Charles Darwin, jamvel um det eigenlege livet hans hørde det 19. hundradåret til.

Tanken um den lovfaste brigdingi og utfaldingi i den organiske verdi var det ikkje Darwin som fann upp, og helder ikkje «det naturlege utvalet», at dei mest eigna og best tilmåta avbrigi kjem til å yverliva og øksla seg, var han åleine um å formulera. Men Alfred Wallace, som samstundes og uavhengig av Darwin hadde sannkjent det same, er komen mykje i skuggen av honom som gav namnet sitt til ein «isme», og som dei fleste mistek å vera far å sjølve utviklingslæra.

Men burtsét frå det idéhistoriske spursmålet um opphavet åt ideane, er det ikkje vanskelegt å vera samd med Scientific American: den «bundelen» av teoriar som me på norsk kallar utviklingslæra, og som dei fleste knyter til Darwin, hev havt langt meir djuptgripande og, kann ein våga å segja, lagnadstunge fylgjor enn dei tvo relativitetsteoriane åt Einstein. Dei gjeng på ingen måte mot den syni som hev vore rådande i alle tradisjonsorienterte kulturar, nemleg at menneskja er skapt eller organisert soleis at ho, aktuelt eller som mogelegskap, er bundi saman med ein yversanseleg røyndom som borgar for moral og anna normativt strev som utgjer det menneskelege åndslivet. Men dersom me menneske ikkje er noko anna enn utfall av krafter som gjenom hundradtals millionar år på heller uintelligent og uplanlagd vis hev dana og samordna dei psykofysiske mekanismane våre, då er jo òg åndslivet vårt, medrekna religion og moral, i siste instans òg mekanismar som hev kome upp og er vortne yverførde fram til notidi av di dei hjelpte forfæderne våre fram til reprodktiv suksess.

Ein kann segja det soleis at det ikkje er serleg vanskelegt å binda moderne

fysikk og kosmologi saman med trui på ein skapande eller ordnande intelligens, av di so mykje av sannkjenningi vår på desse umkvervi kann uttrykkjast so matematisk elegant at ein lett kann sjå fyre seg at ein høg, allmechtig intelligens hev sett det fysiske universet i scena. Men i dei biologiske vitenskapane hev det hittil ikkje vore mogeleg å påvisa tilsvarande matematisk elegante, lov-bundne samanhengar, endå æregiruge «imperialistar» på dette umkvervet òg drøymmer um å kunna redusera alt til molekylære prosessar.

Hev menneskja ein medfødd «natur», er me psykofysisk bundne av krafter og faktorar som i det store og heile er skynlege i ljøs av det me veit um saga åt livet og dei animalske fyregangarane våre?

Spursmålet er på sin plass, for jamvel dei mest tiltøke forsvarane av tradisjonen i den vestlege verdi held naturvitenskap og forskning for å vera rettkome strev, teori og praksis som på mange umkverve hev døyvt naud og liding, og gjort livet lettare og meir lugumt for ein stendig aukande lut av manneætti. Og so lenge forskningi er fri, kann dei som forsvarar tradisjonelle haldningar og synspunkt, dana og utgjera den motekspertisen som kann vera eit ofte effektivt korrektiv til rådande synsmåtar.

Slik sét er verket åt Iver Mysterud ei utbjoding av fyrste klasse, både kvantitativt og kvalitativt. Boki veg um lag 2 kilo og er på 1255 sidor som stort sét er tve-spalta, og ho gjev ei imponerande velorientert og dryftande framstilling av den forskningi som kann segjast å hava til mål å integrera menneskja i det biologiske kringværet, ikkje berre anatomisk og fysiologisk, men òg psykologisk og kulturelt.

I kor stor mun og på kva måtar kann menneskeleg åtferd i vidaste tyding skynast som blindt framvaksi tilmåting til dei miljøi som på godt og vondt gjenom fleire hundrad tusund år, ja truleg eit par millionar år eller meir, var dei umgjevnadene dei fjerne forfæderne våre laut rekna med, skulde dei yverliva og tryggja økslingi si? Ein kann trygt segja at emnet hev vore umstridt; sers sterke kjenslor, ein talar jamvel um «vitskapskrig», vart utløyste og artikulerte då den ypparleg gæverike zoologen Edward Wilson gav ut det store verket *Sociobiology* i 1975.

Noko av det beste i boki åt Mysterud, og som gjev henne eit munalegt idé- og vitenskapshistorisk verde, er skildringi av reaksjonane på boki åt Wilson og det tilmåtingsprogrammet som serleg eit par vidgjetne jødiske granskarar, Gould og Lewontin, hev teke til motmæle mot.

Det er klart at ideologiske motiv hev farga ikkje so lite av dei kritiske innvendingane som er førde i marki mot sosiobiologien og fylgjone han fær for skynet og vurderingi av menneskelege samfund og kulturar. Mysterud skildrar greidt det som hev vore det rådande «paradigmet» (for å gripa til eit moteord) i sosialvitenskapane, men burde kann henda ha lagt sterkare vekt på i kor stor mun det er Marx og marxismen som hev vore ein sentral premisseleverandør.

Men òg Watson og behaviorismen hans hev vore viktug for å grunnleggja synsmåtar som hev vore draumen åt mange makthavarar: menneskja som primært ei blank tavla, som «samfundet», og i praksis sosiale ingeniørar, kann forma soleis at utfallet vert lukkelege individ i rettvis og harmonisk skipa samfund. Dei ikkje sjeldan hatefulle åtaki på sosiobiologien, dei som forskar på honom og talsmennene han hev, kjem av påvisingi av ervelege disposisjonar, alto ein ibuande natur, som på viktuge umkverve er soleis laga at utopiske draumar um ideelle samfund er sers vanskelege, ja kann henda praktisk tala umogelege å setja ut i livet.

For behavioristar, marxistar og andre sosialradikale grupper hev det vore um å gjera å mistenkjeleggjara all forskning som syner at menneskja sit inne med ein medfødd natur, som reaksjonær, patriarkalsk og jamvel, som eit siste stempelande trumfkort, som fascistisk.

Mysterud er etter måten varsamt refererande når det gjeld slike spursmål og ordskifte, jamvel um han på sine faglege premissar er grunnleggjande yvertydd um at den sokalla «standardmodellen» er ein-sidedig og hev på mange måtar ein beint fram skadeleg dominans, t.d. i kriminologien. Men han er open for kritikk og motfrestellingar, og vigjer eit heilt kapitel til slikt og syner fyrebilættleg evna og vilje til å få fram det som er uvisst og umstridt millom dei forskarane som han ofte synest å hava god personleg kontakt med.

Noko av det sjarmerande med dette

verket, som elles med tyngd og umfang kann verka noko avskrekkande, er dei i alt 24 portretti av sentrale forskarar, der livet og karrierane deira, sumtid òg «privatissima», vert skildra. Dei syner kor heimekjend Mysterud er i dette forskingsmiljøet. Religion og religiøs røynsla vert ikkje teke upp og dryft i dette verket; emnet høyrer då òg millom dei vanskelegaste og mest utbjodande som evolusjonær psykologi steller med. Dersom religiøs røynsla i røyndi er fri for substans og røyndom, kvifor vart ho ikkje då gjenom naturleg utval reinska ut som ei ulagleg feiltilmåting, i staden for å forplanta seg til alle kjende samfund og kulturar? Eller kann det dreia seg um møtet det menneskelege medvitte hev havt med former for røyndom som vart meir eller minder fantasifullt fortolka, soleis at religiøst mangfelde kom upp som tilmåtingar til røynelege krafter og skapningar?

Mitt inntrykk er at evolusjonsteoretikarane fær ålvorlege vanskar med alt det me i alle fall fyrr kalla «høgre åndsliv»: religion, moral, kunst, stutt sagt alt det som gjer oss avstikkande, ja i eit visst forstand «unormale» i høve til andre livsformer. Det same gjeld alle drag som negativt skil oss ut: utspekulert vondskap og den kløktige, men samstundes brutale og stupide intelligensen som på sermerkt vis er bunden saman med so mykje menneskeleg strev. Dels dekkjande og ofte interessante hypotesar og teoriar kjem og gjeng, men liksom i fysikk og kosmologi hev eg ei, kalla henne gjerne «intuitiv», kjensla av at alle slike æregiruge og «imperialistiske» freistnader på ein ein-

skapleg, altdekkjande teori vil mislukkast.

Det paradoksale er at ein tolleg «unaturleg» skapning strever etter å tyda ut og skyna seg sjølv som berr natur, samstundes som det vert halde fast som premiss at organ og funksjonar for slikt strev hev vakse fram for å løysa praktiske problem knytte til yverliving og øksling. Det er då nokso logisk at menneskehjernen og dei kognitive funksjonane han hev, er ueigna til å løysa problem av den vanskegraden som han no vert konfrontert med i freistnaden på å nå fram til sikker vitenskap um grunnhåtten og framvoksteren åt menneskja. Det tyder ingileis at slikt strev er ufrævt og verdelaut, for rimeleg sikker vitenskap og innsyn kann oppnåast på mange umkverve, og det er ofte beint fram spanande å fylgja med og sjå kor langt ypparleg gåverike personar kann nå i dei æregiruge freistnadene sine på å formulera og forsvara effektivt umfemmande teoretiske byggverk.

Slik sèt og vurdert er verket åt Mysterud sers verdfullt. Han er ingen finsleg stilist, men prosaen hans er ofte både drivande og opplysende, og jamvel um ein slump lite skynsame og meiningsfulle aendingar kann irritera, er målføringi hans i all hovudsak moderat bokmål. Dersom ein vil orientera seg i forskning og frontar bygde på ei reint timeleg orientert syn på menneskja og den sosiale og kulturelle åtferdi hennar, er verket åt Mysterud det beste som ligg fyrr på norsk.

Hev ein, som denne meldaren, ei meir «metafysisk» syn på menneskeleg problematikk, kann boki vera ei framifrå utbjoding og til det yter ikkje minst den

mesta skræmelege oppføringi av annotert faglitteratur, skipa etter emne. Um lag 800 bøker vert umtala og skildra med umsyn til innhald – endå eit vitnemål um den kunnskapen, kompetansen og trotten forfattaren sit inne med.

Var eg prest, vilde eg ha investert i verket åt Mysterud og havt det liggjande på skrivebord og nattbord til stendig studium og fordjuping. Boki stadfester at menneskja ikkje er ei blank tavla eller er «god på botnen», men er fødd med ein natur som gjer at det ligg nære å tala um ein åndeleg formyrkt og fallen skapning. Påstand um den edle villmannen, eit fagert og harmonisk tilstand hjå t.d. jegerar og sankarar i fyrrtidige og notidige samfund, som fyrr vart kalla «primitive», vert effektivt atdrivne som mytar utan dokumentasjon og kraft til å yvertyda. Rett nok hev me òg naturleg framvaksne evnor til samarbeid og altruisme, men eg trur Mysterud, liksom t.d. E. Wilson, Dawkins og Pinker, tek grundigt og naivt feil når han vil byggja vonene sine um ei betre og «vitug» verd på ein slik veik og usikker grunn.

Men um naturvitenskapleg gransking av menneskja snaudt kann løysa dei mange problemi våre, kann slik forskning kasta ljøs yver og klåra upp i mangt, og gjeva grunnar for ei nøktern og realistisk syn på menneskeleg problematikk. Slik sèt er boki åt Mysterud eit imponerande verk av stort verde.

Denne melding i stod upphavleg på prent i avisa Dagen 28.12.2004 (på bokmål). Bladstyraren hev umsett henne etter løyve og i samråd med forfattaren.

Berre ei halv pilegrimsreisa

Av Tore Lund

Leiv Arne Grimstad:

Pilegrim i Frankenland. Ei vandring frå Le Puy til St. Jean Pied-de-port
Solhagen forlag 2004. 182 sidor

Pilegrimsvandringar er «in» for tidi. Sjølvaste prinsesse Märtha Louise med gemal Ari Behn er millom trendsetjarane. Dei hev vandra den gamle pilegrimsvegen til Nidaros. Utanfor Noreg hev serleg den spanske byen Santiago de Compostella vorte eit populært vandringsmål, for her skal dei jordiske leivningane etter apostelen Jakob vera å finna.

I denne boki fortel Leiv Arne Grimstad um si pilegrimsvandring. Målet var

Santiago, og fyrste delen av turen gjekk gjenom Sud-Frankrike nedyver mot spanskegrensa, ei strekkja på um lag 400 kilometer. Og der stogga vandringi hans. Kvifor, segjer han ikkje noko um. Men han hev bruka tvo sumarferiar på denne strekkja, so kann henda hev han planar um å halda fram ein annan sumar? Me fær venta og sjå.

Sjølv vandringi gjekk fyrr seg utan nokon ytre dramatikk, og forfattaren gjev ei detaljert utgreiding um turen dag for dag. Dette kann hava interessa for andre som planlegg å vandra i forfattaren sine fotspor, men som reiseskildring vert det etter kvart noko keidsamt med alle desse

detaljane. Meir interessante er dei refleksjonane forfattaren gjer seg på vegen. For dette er ikkje berre ei ytre reisa gjenom bygator, på skogsstigar og landevegar, men det er samstundes ei indre reisa, meiner han. Det er elles tydelegt at forfattaren heile tidi tenkjer ut frå ein kristen synsstad, medan mange av dei medvandarane han møter på vegen, meir ser på det heile som ei turistvandring eller beint fram som ein mosjonstur.

Som sagt: Mange nyttige opplysningar for den som sjølv vil leggja i veg, men ikkje so spanande som rein lektyre.

Ein diger, kvit elefant av ei bok

Av Anders Moe

Knut Olav Åmås:

Mitt liv var draum.

Ein biografi om Olav H. Hauge

Det Norske Samlaget 2004. 715 sidor

Olav H. Hauge vart ein dyr mann for norske skattebetalarar. Han var eplebonde, ei tid i ungdomen var han psykiatrisk pasient, og han var lyrikar. Ingi av desse verksemdene er slikt som kastar mykje av seg. Åmås fortel i denne biografien at Hauge ikkje var nokon flink eplebonde; epli vart småe og skurvute, og diktsamlingar sel ikkje mykje, jamvel um Hauge vart ein relativt populær lyrikar med eit sal på 4000 eksemplar av ei av dei siste bøkene.

Det er eit kollossalt stort tilfang Knut Olav Åmås hev havt å arbeida med; det er 4000 dagboksidor, uprenta notisbøker, 3500 brev, attåt boksamlingi, der Hauge hev notert i mange av bøkene. Åmås hev òg havt tilgjenge til journalane frå tidi då Hauge var psykiatrisk pasient, og han hev gjort intervju med folk som kjende Hauge. Med so mykje tilfang som skal leggjast fram, er det vorte eit troll av ei bok; 600 store sidor med liti skrift, attåt 110 sidor med fotnotar og indeks.

Men er det noko mål i seg sjølv at alt tilfanget skal leggjast fram? Alt i 1994 skreiv Jan Erik Vold ei bok um Hauge; ho inneheld biografisk stoff, essay, brev frå Hauge, eit intervju og dilikt, og Vold er jo millom dei fremste i den krinsen som gjorde Hauge til ein kjend lyrikar seint på 60-talet, so når han legg fram si meining um diktingi åt Hauge, er det all grunn til å lyda etter. Attåt er dagbøkene prenta, so kor mykje nytt er det att å segja?

Journalane frå tidi som psykiatrisk pasient er rett nok nye, men i våre dagar ser ein heller myrkt på norsk psykiatri på den tidi då Hauge var ung; journalane segjer soleis meir um psykiatrien enn um Hauge, attåt at Hauge ser ut til å ha kome heller godt frå møtet med psykiatrien; han vart frisk att, so dette vert meir som ei oppleving i ungdomen utan openberr relevans for diktingi.

Den gamle vitsen segjer at når fram-tidi skal skriva um oss, vil dei byggja på fotografi og segja at me var éin meter høge, hadde raude augo og for det meste åt blautkaka. Kann henda fram-tidi kjem til å resonnera som Åmås: den tidi er burte, og det vert reint spekulativt å freista å segja noko um korleis ting i

røyndi var, so me lyt halda oss til å gjeva att kjeldone: bilæte av folk som var éin meter høge, hadde raude augo og åt blautkaka. Åmås held seg til dagbøkene: dette gjorde Hauge denne dagen, og soleis kjende han seg. Det er mykje i denne boki som er beinveges sitat frå dagbøkene, gjerne med tillegg frå brev eller avisstoff um Hauge dersom noko er umtala i fleire kjeldor.

Olav H. Hauge budde det meste av livet på ein liten gard; han var mykje åleine, dyrka eple, las bøker og skreiv dikt. Det er aldri nokor god løysing for ein biografi å berre ramsa upp kronologisk kva kjeldone segjer at objektet gjorde og kvar han var; ting lyt sjåast i samanheng og det lyt alltid koma fram kvifor biografen tykkjer dette er viktugt og forvitnelegt; men når det er eit liv so lite spanande som det åt Hauge som skal skil-drast, vert ei slik rein kronologisk fram-stelling so keidsam at ho ikkje er til å lesa.

Inntil innkjøpsordningi kom, var dei fleste diktsamlingar reine tapsprosjekt, og Hauge gav ut bøkene sine på det vesle Noregs Boklag. Tilhøvet til Boklaget var vanskelegt, og soga um utgjevingi av *Dikt i Utaal* i 1965 på s. 281–285 er reine kriminalsoga: forfattar, forlagsstyre og forlagssjef spelar poker, og det vert til at Hauge kostar utgjevingi sjølv. Men i det at bøkene kom på eit lite forlag og jamvel tapte pengar, ligg jo at i alle fall dei fyrste 300 sidone av boki handlar um ei verksemd som ikkje sette far etter seg; det var rett og slett sers fåe som las desse bøkene då dei kom. Hauge er so pass isolert at biografien ikkje vert mykje til tidsbilæte.

Boki er vel truleg skrivi av di Åmås tykkjer Hauge er ein interessant lyrikar, so då vil eg gjerne høyra meir um kvifor Åmås tykkjer det, og um eg er interessert i ein biografi yver Hauge, er det av di eg vil vita meir um skrivningi. Det er ikkje so mykje av slikt her; i eit tillegg til boki skriv Åmås at han tykkjer det vert so spekulativt; han held seg mest til kjeldone og til slikt som kann provast. So det meste av denne boki vert eit heller turt referat av kva Hauge gjorde frå dag til dag – eller, snarare, eit referat av kva han skreiv i dagboki at han gjorde og korleis han skreiv i dagboki at han hadde det – og um han i periodar gjer mykje av det same, vert det òg mykje uppattaking i boki.

Boki endar med ei 60 sidor lang utgreiding um «Biografiens teori og

metode», men Åmås hev no vel snaudt nok nytta nokon metode; han hev lese dagboki, pasientjournalen, avisartiklar og brev og funne ut nett kva Hauge gjorde, noko han legg fram kronologisk. Eple-dyrking, Oslo-tur, Bergens-tur, skrivning, periodar med depresjon eller hovudverk; alt er med, mange stader (som i skildringi av 60-års-feiringi på s. 378) i beinveges avskrift frå dagboki med minimalt med kommentarar frå Åmås. Det kunde ikkje vore gjort på ein meir endefram måte, og då vert det lovleg snobbut å taka med ei slik utgreiding um metoden.

Ein veit vel kva ein biografi er; då vil eg heller sjå eit essay um lyrikk. Det er jo som lyrikar Hauge er forvitneleg, men me fær ikkje høyra noko um kva «dikt» er for noko eller kva dei fåe som les dikt, tykkjer dei fær ut or lesingi. Lyrikk er ikkje av dei sjølvsagde litteraturformene i vår tid; det er ikkje so mange som les dikt, og det er mest ingen som kjøper diktsamlingar. Me fær heile tidi høyra at folk tykkjer dikti åt Hauge er «gode», men nett kva som er so godt med deim og kva eit «godt dikt» er for noko, det vert standande uuttydd.

Um sjølve dikti og prosessen med deim skriv Åmås ikkje mykje; stødt fær me høyra at Hauge «reviderer» gamle dikt og gamle diktsamlingar. Han vøler ikkje berre um på deim, dei vert «reviderte». Det tyder at dei ikkje berre vert onnorleis, ved «revisjon» vert vel dikti gjorde betre eller i alle fall meir moderne. Då hadde det sagt mykje um korleis Hauge arbeidde og kva han sikta etter um me hadde fått fylgja eit dikt gjennom alle desse revisjonane. Men det er no vel meir enn nok arbeid å skriva eit samandrag av 4000 dagbokssidor um ein ikkje skal brjota upp kronologien og skipa tilfanget tematisk òg.

Det vesle som vert sagt um lyrikk, er ikkje mykje å verta klok på. På s. 365–366 hermer Åmås ein litteraturvitar som meiner at Hauge er «bygdemodernist», men det vert ikkje sagt noko um kva bygdemodernisme er eller um me treng slik modernisme. Same litteraturvitaren skriv òg at Hauge er «den tydelegaste personen i norsk 1900-talslyrikk». Åmås kommenterer: «Meir enn hos nokon annan kan ein lesa ut eit tydeleg menneske og ein tydeleg ståstad.» Punktum og nytt avsnitt; det var det han hadde å segja um den saki. Dette er for det fyrste

eit reint postulat som ikkje vert underbyggt på nokon måte, attåt at det er svada.

Men so, på s. 385–386, er ikkje Hauge modernist lenger. Han skriv i dagboki: «Dei unge, eg såg nett ei melding av Dag Solstad i Dagbladet, reknar oppløysing av kjernen, personlegdomen i eit menneske for eit stort framsteg. Dette er den nye lære. Eg forstår det. Var det dette dei meinte med fridom? Fridom til å gjera det som sviv deg? Var det ikkje å frigjera dei gode, store kreftene i deg, du meinte? Jau, det var sikkert det. Men ikkje fridom til å gjera alt. Då kjem du til same standpunkt som Nietzsche. Det held ikkje.» «Dette», skriv Åmås, «viser at Olav H. Hauge ikkje har ei modernistisk menneskeoppfatning, snarare ei romantisk-klassisk. Ei kjensle av uovervinneleg framandgjering er dessutan ein viktig innhaldsbasis for modernismen og dermed neppe treffande for Hauge.» Punktum og nytt avsnitt. Det vert standande som ein konklusjon, jamvel um Åmås berre hev klistra tvo latinske termar på Hauge, termar som i seg sjølve ikkje forklarar noko.

Umgripet «romantisk-klassisk» er so vidt at det mest er til å læ åt, og modernismeumgripet er ikkje stort klårare. Um det er framandgjeringi det stend på, trur

eg Hauge er god nok; Åmås fortel at han ikkje lika arbeidet som gartnar, og hadde fåe vener i bygdi, allra minst slike som las bøker, men jamvel um han kom i eit litterært miljø då han vart kjend med Profil-krinsen midt på sekstitalet, kjende han seg ikkje trygg på festar og møte, og reiste heller ikkje til Oslo so ofte. Han var framand for målrørsla òg; han heldt på den gamle rettskrivingi og heldt seg undan målarbeid. Andre stader i boki ser det heller ut til at «modernisme» tyder «dikt som ikkje rimar», men um kravet for å vera modernist er at ein er framandgjord, trur eg nok Hauge stettar det, anten det no er ein god ting eller ein dåleg. Men so var det dette med Nietzsche, då – er alle modernistar tilhengjarar av Nietzsche?

Åmås skriv ein midstraumsnorsk, ikkje av det allra låkaste slaget. På s. 281 finn me ordlaget «for einkvar pris», men slikt målfusk er det ikkje so mykje av. Når no dagbøkene er på i-mål etter 1917-rettskrivingi, kunde Åmås godt ha halde sine eigne bolkar i same rettskrivingi for å skapa ei meir einskapleg tekst; argumentet um at i-mål er vandt for folk å lesa, held ikkje her; alle som likar Hauge, er vane med å lesa i-mål, og snaudt nokon kjem til å lesa heile denne digre,

kvite elefanten av ei bok kor som er.

Åmås skriv um målsyni åt Hauge på s. 474–475; det me fær vita, er at Hauge lærde 1917-rettskrivingi på skulen og at han hev skrive i dagboki si og sagt i eit intervju at han fall for dette målet og hev halde på det som eit medvite val. Som det heiter i intervjuet: «Nordmennene må skyna at målet er den største arven eit folk har.» (s. 475). Her kunde ein draga nokre linor; kva rettskriving og målbruk hev å segja for lyrikken, til dømes, eller kva det hev å segja for tilhøvet hans til målrørsla. Hauge hev visst dei fleste av lesarane sine og venene sine på Austlandet; er det av di nynorsksfolket ikkje likar eit mål dei meiner er gamalvorde og aristokratisk? Ja, soleis kann ein spyrja! Ja, eg vil jamvel segja, soleis burde ein biograf spyrja, um ikkje biografien skal verta ei keidsam oppramsing av sitat utan mål og meining.

Boki er no innlevert som doktorgradsarbeid. Eg vilde atterhaldslaust ha godteke boki som hovudfagsoppgåva; kandidaten hev funne, lese og lagt fram eit stort tilfang. Det er ikkje so lite berre det. Men til doktorgraden krevst det meir: då skal ein sjå samanhengar, forklåra kvifor, tolka, skyna, vurderera og, ikkje minst, skilja viktugt og uviktugt!

Einfelt, men innsiktsfullt um Israel

Av Olav Torheim

Ulf Ekman:

Israel – elsket og hatet

Hermon forlag 2004. 175 sidor

Hva skal vi kristne gjøre med dette fordømte og forkastede folk? Jo, ta deres bøker! Forby rabbinerne å undervise under trussel om dødsstraff! Brenn synagogene og riv husene deres og la alt ødelegges! Ærede fyrster og adelsmenn, dere som har jøder i deres land. Om dette ikke passer dere, så finn på noe bedre, bare dere og vi alle blir befridd for denne ufordrøgelige, djevelske last, jødene!

Uppmodingi stend ikkje skrivi i *Mein Kampf*, men i boki *Von den Juden und ihren Lügen* (Om jødene og deres løgner), skrivi i 1543 av Martin Luther. Dei aktivistane me i dag kallar for kristne israelsvener, er av nyare dato, til liks med den jødiske staten.

Då staten Israel vart skipa i 1948, var det dei færraste kristne som trudde at denne staten var komen for å oppfylla dei

bibelske landlovnadene. Konservative teologar som Ole Hallesby heldt seg til vederlagsteologien. Avisa Vårt Land var på same måten sers kritisk til skiping i staten Israel. Det lågkyrkjelege miljøet kring avisa Dagen studde Israel frå fyrste stund, men desse var ein liten minoritet. Den sterke studnaden Israel seinare skulde få i kristne miljø, hadde meir med politikk enn med teologi å gjera. Ein kunde sjå den same ovundringi for Israel i LO og Arbeidarpartiet, og dette er skipnader som få vil kalla Israel-venlege i dag. Alt på 70-talet var haldningsendringi tydeleg nok. Då var det største lokallaget i Palestinafronten å finna hjå Menighetsfakultetet i Oslo.

I dag kann me konstatera at ringen er slutta. Det er dei lekmannskristne kring avisa Dagen, attåt pinserørsla og dei nye karismatiske kyrkjelydane, som framleis gjev Israel sin fulle studnad. Dei hine hev meir eller minder falle ifrå.

Ulf Ekman er den lutherske teologen som grunnlagde den karismatiske kyrkje-

lyden Livets Ord i Uppsala, ofte umtala som «Trosbevegelsen». I lag med kona Birgitta hev han dei seinaste åri vore busett i Jerusalem. Upphaldet i Israel hev gjort sterke inntrykk, og nokre av desse hev han samla i boki *Israel – elsket og hatet*, utgjevi på Hermon forlag i 2004.

Tal og turre fakta?

Innleidingsvis skriv forfattaren at «[m]an kan aldri beskrive Israel på en utførlig måte. Jeg vil ikke en gang prøve å gjøre det. I denne boken vil jeg ganske enkelt prøve å formidle noe av det som er unikt med Israel, gjennom beskrivelser, personlige møter og iakttagelser.»

Og det segjer seg i grunnen sjølv at 175 rikt illustrerte sidor vert for lite til å gjeva nokon analytisk gjennomgang av alle dei historiske, politiske og religiøse spursmáli som knyter seg til Israel og Midtausten. Framstillingi er tydeleg merkt av den kristne ståstaden åt Ekman, men nokor sakleg avgrensing av innhaldet vantar, og difor kokar mykje

ned til rein konstatering av fakta. Dei som er på jakt etter Ekman sin analyse av stoda i Midtausten, vert vonbrotne.

For det meste av det Ekman tek fyre seg, er faktisk kjent stoff, og hev vorte dokumentert betre og grundigare andre stader. Det er til dømes ikkje noko nytt at dei israelske tryggingstiltaki, med kontrollpostar, vegsperringar og tryggingsgjerde, faktisk stoggar 90 % av dei arabiske terroråtaki. Det er heller ikkje nytt at PLO ikkje vil godtaka ein israelsk stat der jødane er i majoritet, eller at dei ikkje vil endra PLO-charteret som krev Israel utrudd. På same måten er det velkjent at Arafat etter Camp David-tingingane vart tilboden 97 % av Vestbreiddi og 100 % av Gaza, men sagde nei til dette tilbodet av di han då laut avslutta konflikten med Israel.

Samstundes er det nett slike einfelde fakta som må fram, dersom bilætet av Midtausten-konflikten skal verta heilt. For dette er fakta som set saki i eit nytt perspektiv, men som vantar i Midtaustensordskiftet i dag. Problemet er ikkje fyrst og fremst at media fer med lygn når dei rapporterer frå Midtausten-konflikten; det er alt som ikkje vert sagt som er problemet. Alle dei faktai og kjensgjerningane som kunde sett Israel i eit betre ljøs, men som systematisk vert tagde i hel. Kåre Willoch talar stødt um «okkupasjonen» som tok til i 1967, og mange gjeng difor ikring i den trui at det er denne «okkupasjonen» som er grunnlaget for konflikten, og ikkje at arabarlandi aldri hev vilja godtaka ein jødisk stat nokon stad i Midtausten, same kor liten eller stor. Det faktumet at PLO vart skipa i 1964, og ikkje i 1967, høver til dømes dårleg med den okkupasjonsmyten som hev vorte skapt etter seksdagarskrigen.

Soleis er det synd at dei som kunde trenga denne boki mest, er dei som minst sannsynleg kjem til å lesa henne. Allra minst når ho er frå ein svensk pastor som trur på Bibelen og landlovnadene.

Menneskelagnadene attum statistikken

Men boki åt Ekman er trass i alt meir enn turre fakta. Ut or tali og statistikken stend dei mange menneskelagnadene fram. Ekman hev møtt mange av deim. Millom deim er ei jødisk kvinna, han kallar henne Hanna, som flydde frå byen Danzig via Bratislava i andre heimskrigen. I 1940 gjekk ho um bord i ein gamal rustholk og vart smugla nedetter Donau. Derifrå vart kring 1000 jødar lasta yver i eit anna skip som skulde føra deim til Israel. Framme på Kreta neitta den græske kapteinen å

halda fram. På båten braut det ut dysenteri og mange døydde. Til slutt gjorde passasjerane mytteri og siglde vidare mot Kypros, men engelske krigsfarty stogga båten og neitta deim å sleppa i land. Endå britane visste at jødane flydde frå Holocaust, fekk dei ingi hjelp. Vel framme i Haifa vart alle internerte. Etter ei vika med internering vart dei sende til øyi Mauritius utanfor austkysten av Afrika. Der vart alle sette i fengsel, innesperra som kriminelle fram til krigen var slutt.

Hanna hadde møtt ein ung mann på vegen, og etter kvart gifte dei seg. Ein dag kom ho springande til cella hans i fengselet på Mauritius og vilde fortelja at ho var umhender. Men då ho kom inn i cella den dagen på våren i 1945, var mannen daud. Han hadde hengt seg, av di han ikkje såg nokon veg ut or elendet.

Dette er berre ei av mange tragiske sogor um yverlivande frå Holocaust. Etter slutten på andre heimskrigen gjorde engelskmennene alt dei kunde for å hindra yverlivande jødar i å slå seg ned i Palestina. Fyrst då staten Israel vart proklamert 14. mai 1948, kunde jødane for ålvor koma attende, men då med alle dei arabiske statane mot seg. Kring 820 000 jødar vart kasta ut or arabiske land i åri 1948–72. Eignelutene deira vart kverrsette utan vederlag av noko slag. Av desse flyktningane kom 586 000 til Israel og busette seg under stor trengsel.

For ikkje so lenge sidan var det endå eit terroråtak i Jerusalem. Ein buss eksploderte, elleve menneske døydde og fyrti vart skadde. Ein kjenning av Ekman var med på bussen. Ho var på veg heim og tok den vanlege ruta.

Two sæte attum henne var baddøri, og der kom sjølvordsbombaren inn. Han var so vidt komen inn fyre han utløyste bomba. Bomba var so kraftig at taket vart rive av bussen. Mordarane stend oppreiste, av di dei hev rekna ut at då er dynamitten kring bringa deira i same høgde som hovudi på passasjerane. Mange menneske døydde momentant, dei vart halshogne. Bilæti, lukti av brent kjøt og ljoden av desperate, skrikande menneske som held på å døy, forlèt deg aldri.

Å bjoda ut fastlæste meiningar

Det er stor fære for at dei fastlæste meiningane og haldningane som finst i Europa um Midtausten i dag, berre kjem til å verta verre. Europeisk og skandinavisk opinion er vår for irrasjonelle element. Det er vandt å argumentera når nokon skrik banneord eller trugar med

vald. Ekman fortel um ei kristi kvinna som var vitne til ein pro-palestinsk demonstrasjon mot Israel i Uppsala. Etter at ho sagde til ein tilskodar at ho ikkje var samd med talaren, som skreik anti-israelske slagord, vart ho slegi i bakken etter å ha vorte rivi i håret og slegi i andlitet. Ein politimann som fylgde med på det heile, greip ikkje inn, og seinare vart ho fortald at ho ikkje kunde provosera på denne måten.

I Noreg kann me på same måten vera vitne til at parti på vinstresida og statsfinansierte organisasjonar som Norsk Folkehjelp skipar til demonstrasjonar saman med fundamentalistiske muslimar. Etter eit tilsvarande upptog i Oslo gjekk ein heil muslimsk familie til fysisk åtak på ei 19 år gamal jødisk gjenta som kom forbi og vart attkjend av di ho hadde eit davidstjernesmykke på seg. Ho vart slegi i andlitet samstundes som dei reiv av henne smykket og skreik ut frasar um at ho og huslyden hennar skulde døy.

Sionisme?

Jeg er ikke jøde. Jeg er en svensk kristen, men jeg er også sionist, fordi jeg i Bibelen tydelig kan se Guds løfter til det jødiske folket om å vende tilbake til sitt gamle hjemland. Altså er jeg en kristen sionist.

Jeg ser også fra et helt menneskelig synspunkt at det jødiske folket har en soleklar rett til å få vende tilbake til Israel og bo der i trygghet. Altså er jeg sionist.

Slik skriv Ekman når han skal freista å definera kva han meiner med sionisme. Ordet hev vore nytta som eit skjellsord av deim som stend Israel imot. Sjølve kallar dei seg gjerne antisionistar. Her vil eg for eigi rekningi leggja til at sionisme i dei fleste samanhengar snaudt er noko meir enn å tilkjenna det jødiske folket den same retten som andre folkeslag hev vorte tilkjende – retten til å avgjera si eigi framtid i sitt eige heimland. Det antisionistane kallar «sionisme», er berre ålmenne prinsipp nytta på eit partikulært tilfelle, Israel og det jødiske folket. Og etter andre heimskrigen er det klårt at sionismen hev vore like mykje ein yverlevingsstrategi som ein politisk ideologi.

Det er snarare fyrestellingi um at det skulde stellast andre krav til jødar enn til andre folk som kunde trenga eit eige nemne, og det hev me då òg. *Antisemitisme* vert det kalla. Når folk som sjølve hev ein nasjonalistisk dagsorden, gjeng til åtak på Israel under dekkje av å vera antisionistar, er det alltid grunn til å spyrja seg um motivet.

Me – eit sernorskt ord

Av Jostein Krokvik

I grammatikken sin og ordboki hev Ivar Aasen både *me* og *vi* til personleg pronomen (varaord) i 1. person fleirtal. Det gjeng likevel fram at Aasen reknar *me* for hovudordet; *vi* er med i ordboki, men med tilvising til *me*, og ikkje umvendt. I grammatikken er dette endå tydelegare. Med 1938-målet vart *vi* hovudform, medan *me* vart tillate i skulen, sokalla «sideform». Um lærarane ikkje visste betre, skal vera usagt – dei kunde ha granska nøgnare dei offisielle reglane i Hellevik-ordlista, som sant nok er knudrut uppsette – men tusundtals elevar med *me* i daglegtala fekk *me* «retta» til *vi* i nynorskskular yver heile landet. Eg kunde nemna handfaste døme i so måte. I 1983 fekk einkvan i Spåkrådet likt til eit openberringsljøs, med di dei jamstelte *me* att, noko som truleg stogga eller i minsto døyvde misferdi i skulen, og etter 45 års bannlysing vart ordet *me* kjøpt meir synleg på prent.

Etter skuleordbøker levde *me* og *vi* jamsides på 1900-talet fram til 1938, soleis at *me* hadde eit visst yvertak. Det var ikkje urimeleg, so sterkt som *me* stod i målføri vestanfjells, i sume bymål òg, på Agder, sumstad i Trøndelag, i fjellbygdene og dalane austanfjells. I nokre målføre, som på Sunnmøre og i Gudbrandsdalen, brukar dei korkje *me* eller *vi*, men objektsformi *oss* («Oss ha gjort kå gjerast skulde», Storm 1749–1794). I nokre målføre heiter ordet *mi* og *mid*.

Den utrøyttelge Gustav Indrebø (1889–1942) granska fagleg dei tvo ordi *me/vi*; han vilde finna ut kva for eit – um noko – som rettast hørde til vår norske arv. Han gjekk gjennom bruk av desse varaordi i *Diplomatarium Norvegicum* attått nokre uprenta brev som var yngre

enn 1570 og ikkje var komne med der. Frukti av denne granskingi stend i ei utgreiding i *For bygd og by* nr. 11/1940. Utfallet kom uventa på Indrebø, som i lag med dei fleste den gongen helst rekna med at bae ordi stod nokolunde likt i norsk målvokster. Summen av granskingi var at historisk var berre *me* norskt; Indrebø skriv: «*Vi* er ikkje norskt. Det er innført frå nordtysk – svensk – dansk».

På gamalnorsk heitte det *vér* i fleirtal og *vid* i tvotal (dualis = me tvo). *Vi* fanst ikkje i gamalnorsk. I gamalsvensk og gamaldansk heitte det *vid* um tvo, men *vir* um fleire enn tvo. Med kvart hev *vid* (tvotal) falle burt, og *vir* miste *r* og vart til *vi* slik det vedvarande heiter i desse måli, som i nordtysk (*wi*). Høgtysk hev *wir*.

I norsk vart målvokstere ein annan. Gamalnorsk *vid* – *vér* vart umlaga til *mid* – *mér*, og Indrebø held det rimeleg at *m*-kom frå gjerningsordet (verbet), noko Aasen er inne på i grammatikken (s. 169). Lettare enn å segja *gerum vid* og *gerum vér* fall det å segja *geru(m) mid*, *geru(m) mér*. Av *mid* – *mér* kom so med kvart det nynorske *me*, som er eit sernorskt målmerkje.

Soleis var det mykje godt i heile landet, i aust som vest og lenger nord. *Mér* kjem i staden for *vér* frå kring år 1200. I millomnorsk tid (1370–1525) var det hovudsakleg berre *mér*, men i høgtid-same brev frå kongar eller bispar heitte det gjerne *vér* (*pluralis majestatis*) – dei var danske, veit me.

I ein fredeleg og uskipla indre målvokster skulde nok *mér* og *mid* i nynorsk tid truleg ha vorte tolleg til *me*. Tvotal-formi døyvde elles burt, og hev lenge vore ute or det levande målet no. Og *me* stend sterkt, men einerådande er det

ikkje. *Vi* er eit sekundært innslag som heng i hop med at dansk vart mykje godt einerådande i brevriket i Noreg. Kring år 1500 var *vi* den vanlegaste skriftformi. Dei som heldt lengst fast på *m*-formene, var bøndene, og i bondebrevi var bøndene på Austlandet og kring den gamle *Vikin* (Viki) seigast etter Indrebø til å halda på det sernorske ordet.

I det store *me*-valdet på Vestlandet er nokre *vi*-øyar. Bergen er den eine, og Indrebø set det i samband med at byen var den store innførslestaden i Noreg, som hadde samband med og innførsle både frå tysk og dansk. I Kvinnherad hev det òg funnest ei *vi*-øy, og Indrebø knyter dette til det gamle danske herresætet i Rosendal. Nordfjord er like eins ei *vi*-øy, som Indrebø nemner truleg hev sitt eige grunnlag, men som han diverre ikkje kjem nøgnare inn på. Dei ytre og synste grendene på Summøre ligg Nordfjord nærast, som mi heimbygd Vanylven, og her er *vi* bruka, venteleg ein smitteverknad. Indrebø gjeng med på at serhendes kann *v*-former vera heimlege med ætt i gamalnorsk *vér*, soleis *ve* i bygdemål i Hedmark. Men dette er undantak.

Dette innslaget er nedstytt og ihoptrengt. Dei som vil vita meir, fær venteleg utgreidingi til Indrebø gjennom biblioteki. Kjell Venås nemner rosande denne utgreidingi i Indrebø-skildringi si, *For Noreg og Ivar Aasen* (Oslo 1984 s. 166). Per Tylden skreiv um emnet i hovudfagsarbeidet sitt i norsk (1932) og utvida det i ei avhandling som kom i Oslo i 1944, og som han tok doktorgrad på i 1945 (*ME–VI. Ein studie frå det gamalnorske og mellomnorske brevriket*). Sluttsommen hjå Tylden er i hovuddrag den same som hjå Indrebø.

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo

Sluttordet:

Halda upp i rette Tid er ein god kunst.

Etter Ivar Aasen